



KULTURMINNEPLAN FOR SOGNDAL KOMMUNE 2013

DATERT: 1.11.2013

INNHALD

INNLEIING

KULTURMINNEVERN.....	3
Kva er eit kulturminne?.....	3
Kva er målet med kulturminneplan?	3
Oppbygging av planen	3
KORLEIS TEK VI VARE PÅ KULTURMINNA VÅRE?.....	4
Juridiske verkemiddel.....	4
Økonomiske verkemiddel.....	5

DEL 1

AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE.....	7
KULTURMINNE FREDA ETTER KULTURMINNELOVA.....	9
KULTURMINNE REGULERT TIL BEVARING ETTER PLAN OG BYGNINGSLOVA.....	12

DEL 2

FAGLEG ANSVARSFORDELING	18
GAMLE FERDSELSÅRER.....	19
BAUTASTEINAR.....	22
UTMARK.....	27
Eldre stølsområde.....	28
Kraftlinjetrase Fardal – Ørskog.....	30
Nyare stølar og småbruk.....	31
Kommentarar til utmarksplanen.....	34
KULTURLANDSKAP	35
Kommentarar til plan for kulturlandskap og kulturmarkstypar.....	39
GEOLOGISKE KUTLURMINNE.....	39

DEL 3

SOGNDAL	43
Geologiske verdiar.....	43
Sogndal frå gammalt av.....	43
Det moderne Sogndal.....	45
Fruktdyrking.....	46
Formidling av kulturminne.....	47
KAUPANGER.....	48
Skogbruket.....	48
Andre kulturminne.....	50
Formidling.....	52
FJÆRLAND.....	52
Tidleg historie.....	52
Turisme.....	52

Infrastruktur.....	53
Kulturminne.....	53
NORANE.....	55
PRIORITERTE KULTURMINNE.....	56
HANDLINGSDEL.....	58
LITTERATURLISTE.....	60

KULTURMINNEVERN

KVA ER EIT KULTURMINNE?

Kulturminne er alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, også lokalitetar det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjon til. *Kulturmiljø* er områder der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng.

Kulturminne er såleis ein del av omgjevnaden vår og bidreg med kunnskap, opplevingar og som bruksverdiar. Som kunnskapskjelde er kulturminna eit viktig grunnlag for vår tolking og forståing av fortida. Dei fortel om den historiske utviklinga i område, kontinuitet og endringar. Dei kan seia noko om menneska sitt forhold til kvarandre og til naturen, tilgangen og bruk av ressursar, næringsverksemdar og om mennesket sitt sosiale, religiøse og rituelle liv. Slik kan dei hjelpe oss å forstå vår eiga tid og bidra til å forma framtida.

Opplevingsverdien er av ulike slag. Kulturminna kan skapa gjenkjenning og tilhørse, gjere oss nyfikkne og skape engasjement og nærleik til fortida. Kulturminna kan også vera identitetsskapande og bidra til å gje stadar særpreg og karakter gjennom at dei står for kontinuitet, variasjon, kontrast og karakterar i det menneskepåverka miljøet. Eit kulturminne som vert borte, kan det nokre gonger lagast kopi av, men kan aldri verta erstatta. Difor er det viktig å vera medviten om kva kulturminne som er spesielt verdifulle for samfunnet, slik at desse kan takast vare på for framtida.

KVA ER MÅLET MED KULTURMINNEPLAN?

Sogndal kommune er ei gammal bygd med mange og varierende kulturminne. Opp gjennom åra er det gjort fleire ulike registreringar av ulike kulturminne, men informasjonen er ikkje samla. Dette ønskjer Sogndal kommune å gjera med denne planen.

Målet med planen er å samla og systematisera materialet på ei slik måte at den er enkel å ta i bruk. Det har i denne omgang ikkje vore eit mål å registrera alt som finst i kommunen, men som ein følgje av arbeidet vil ein også få eit overblikk over kva som eventuelt manglar av registreringar, og leggja det til grunn for vidare arbeid med registrering i kommunen. I denne samanhengen vil vi tenkje representativt. I fredingsstrategien til regjeringa er det eit mål å sikre geografisk-, sosial-, etnisk-, nærings- og tidsmessig breidde.¹

OPPBYGGING AV PLANEN

Den innleiande delen seier noko om kva kulturminne er og korleis vi kan ta vara på dei. Del 1 omtalar dei kulturminna som i dag er freda med heimel i anten kulturminnelova eller regulert til bevaring etter plan- og bygningslova. Del 2 inneheld registreringar som er gjorde i kommunen. Dei fleste av desse er omtala i eldre planer. Tredje delen er eit utval av område

som kommunen vil sjå nærmare på og vurdera tiltak. Det er også laga ein handlingsdel avslutningsvis.

Til planen er det teikna eit kart. Det er kulturminne i del 1 og 2 som er teikna inn i kartet. Dei fleste kulturminna som er freda etter kulturminnelova, er vist med rune-R. Det er fleire bygningar som er freda etter § 15 i kulturminnelova. Som reguleringsmynde vil kommunen sjå på husa i ein større samanheng. I kulturminneplanen er det difor eit større område som er markert. Desse er tenkt som omsynsområde, der ein må vurdere tiltak opp mot heilskap. Også andre kulturminne er teikna inn som omsynssone – kulturmiljø. Kulturminne omtala under kulturminnelova har fått bokstavane A-F, resterande har fått eit nummer.

KORLEIS TEK VI VARE PÅ KULTURMINNA VÅRE?

Kommunen, fylkeskommunen og staten sit med ulike verkemiddel for å sikra at verneverdige kulturminne og kulturlandskap ikkje går tapt. Verkemidla er mange, men dei må brukast.

JURIDISKE VERKEMIDDEL

Det er først og fremst to lover som vert brukt når ein skal ta vare på spesielt verdifulle kulturminne, nemleg Kulturminnelova og Plan- og bygningslova (PBL).

Kulturminnelova vert forvalta av Riksantikvaren på nasjonalt nivå og av fylkeskommunen, og sikrar vesentleg kulturminne eller –miljø av nasjonal verdi. I § 3 heiter det *«Ingen må – uten at det er lovlig etter § 8 – sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje.»*

Lova har to hovudtypar av freding:

- Automatisk freding ved lov. Dette inneberer at gitte typar kulturminne er freda direkte i lovteksten.
 - Alle kulturminne frå før reformasjonen (1537) er automatisk freda etter § 4 første ledd.
 - Automatisk freda kulturminner har òg etter lova ein sikringssone på 5 m rundt det freda objektet, jf. kulturminnelova § 6.
 - Ståande byggverk frå perioden 1537-1649 kan med heime i kulturminnelova § 4 tredje ledd verta automatisk freda ved fagleg datering (erklæring).
 - Skipsfunn som er eldre enn 100 år frå skipet, utstyret eller lasta sitt produksjonsår, er automatisk verna etter §14.

- Samiske kulturminner som er eldre enn 100 år er automatisk freda, jf. § 4 andre ledd.
- Freding ved vedtak
 - *Freding av bygningar og anlegg.* Eit vedtaksfreda objekt (bygning, anlegg, bru, veg m.m.) er eit nyare etter-reformatorisk kulturminne som er freda ved vedtak med heimel i kulturminnelova § 15.
 - *Freding av område rundt freda objekt.* For å beskytta verknaden av eit freda enkeltobjekt kan ein freda eit området rundt kulturminnet, jf. § 19.
 - *Freding av kulturmiljø.* Heilskaplege kulturmiljø kan verta freda samla etter § 20.
 - *Freding av båtar.* Historiske båtar kan verta freda etter § 14 a.
- Mellombels freding kan verta vedteke som straksvedtak dersom eit kulturminne eller –miljø er trua eller utsett for fare, eller dersom ein vil evaluera kulturminnet med tanke på permanent freding, jamfør § 22 nummer 4.

Plan- og bygningslova (PBL) Kommunen er reguleringsmynde og kan verna kulturminne og desse omgjevnadene til desse med heimel i PBL. Overordna planføresegner om bevaring gjennom arealplanlegging vert vedtekne med heimel i PBL § 11-8 tredje ledd bokstav c, og § 11-9 nummer 7 (kommuneplanen sin arealdel). Omsynssone i reguleringsplanar vert heimla i §§ 12-6, 12-5 andre ledd nummer 5 og 12-7 nummer 6. Også *interiør* i verneverdige bygningar kan nå verta regulert til omsynssone bevaring.

Omsynssone bevaring etter § 12-5 nr 5 er også det anbefalte reguleringsføremålet for kulturminne som er freda. Føremålet kan med fordel også nyttast for å sikra omgjevnaden rundt eit freda objekt. Utval av det som skal regulerast til bevaring, må gjerast med bakgrunn i fagleg grunngjeving. Reguleringsplanen bør difor verta utforma i samråd med regional kulturminneforvaltning, dvs. kulturavdelinga i fylkeskommunen.

Sogndal kommune har i arbeidet med arealplanen utarbeidd følgjande føresegn:

1-6 e) Kulturminne og kulturmiljø, jf. § 11-9 nr. 7 og kulturminnelova.

1. Omsynet til kulturminne og kulturmiljø skal integrerast i all planlegging og ved søknad om tiltak. Kulturminnemiljø skal undersøkast og det skal synast korleis utbyggjar har søkt å ivareta dette gjennom planframlegg og søknad om tiltak. Kulturminneplan for Sogndal kommune 2013 skal leggjast til grunn.
2. I plan- og byggjesaker som omfattar freda kulturminne skal utbyggjar hente inn godkjenning frå kulturminnestyresmakt, jf. Kulturminnelova §§ 3 og 8.

ØKONOMISKE VERKEMIDDEL

Freding vil i seg sjølv gje avgrensa vern for det enkelte kulturminnet. Det aller viktigaste er at det og området rundt vert vedlikehalde. Økonomiske verkemiddel kan bidra til å gjera det enklare og meir motiverande for eigaren å ta vare på kulturminnet.

Det finst ulike statlege tilskot som eigarar av eit kulturminne, kan søke på. Desse er underlagt Miljøverndepartementet, Landbruksdepartementet og Kulturdepartementet, og vert forvalta av Norsk Kulturminnefond, Riksantikvaren, Fylkesmannen og Norsk kulturråd. Det er ulike tilskotsordningar til ulike kulturminne. Er kulturminne knytt til landbruket, er det mogleg å søkja om kommunale SMIL-midlar.

Ei rekkje private fond gjev også støtte til kulturminner. Dei krev vanlegvis at kulturminnet er knyta til eit allmennyttig føremål. Stiftelsen UNI, Gjensidigestiftelsen, Sparebanken Sogn og Fjordane og Eckbos legat er døme på private fond som ein kan søkje om støtte frå.

AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE



Figur 1 Borgarholt ("Borgarberget") i Årøy. Her finn vi steinrestar i ringformasjon etter det som truleg har vore ein bygdeborg.

Automatisk freda kulturminne, tidlegare kalla fornminne, er freda direkte i lovteksten til kulturminnelova og omfattar spor etter menneskeleg verksemd frå pionerbusetnaden og fram til reformasjonen (1537). Det er mange ulike typar kulturminne, til dømes spor etter busetnad, forsvarsverk, vegfar, gravminne og ulike typar minnesmerke. Ei oppstilling er å finna i § 4 i kulturminnelova. Etter loven (§ 6) har det freda objektet også ein sikringssone på 5 meter rundt seg.

Sogndal kommune har store førekomstar av fornminner og er pr. idag registrert med ca. 520 automatisk freda kulturminne i Riksantikvaren sin database: Askeladden. Det meste er knytt til buplassar (buplass, busetting-aktivitetsplass, tufter, stolphol m.m.), samla utgjør dette 189 funn. I tillegg er det registrert 20 dyrkingsflater/spor. Det er også gjort 112 funn knytt til graver (gravfelt, gravhaugar, gravminne, gravrøys). Dette talet kunne ha vore høgare. Fylkeskommunen visar i handlingsplanen sin at Sogndal kommune i registreringsperioden 1978-88 hadde minst 64 gravminne, dvs. 58% av det som då var kjent.²

Eit anna svært vanleg funn er knytt til kol. Kolgroper er å finna mest over alt. Dei kan vera av to typar; kokegroper som ein laga mat i, eller kolgroper for framstilling av trekol. Utan nærare undersøking kan det vera vanskeleg å skilja dei frå kvarandre. Samla er det registrert 131 funn, der 22 er registrert som kokegroper, 28 som kolframstilling og 2 kolmiler. Resterande 78 er berre registrert som kolgroper/grop. Trass eit høgt tal er det sikkert mange som ikkje er registrerte. Underrepresentert er sikkert også funn knytt til tjørebrenning. Det

er berre registrert fire tjøremiler i kommunen. Ut ifrå skogen si tyding i Kaupanger og stadnamn som viser til tjørehjell, bør dette talet vera vesentleg høgare. Likeins med jarnvinning. Det er berre registrert to jarnvinneanlegg i Øvstedalen. Vi veit at jarnsmiing har vore vanleg i Kaupanger.³

Andre automatisk freda kulturminne er skålgroper (13 st.), holveg (3 st.), rydningsrøys (2 st.), steinkonstruksjon/steinring (3 st.). I tillegg er det registrert ein slagghaug, båtstø og nausttuft.

Utifrå røynsle er talet på automatisk freda kulturminne høgare enn det som er kjent. Mange ligg framleis skjult i jorda noko som vi òg ser av dei mange funna som vert gjort ved utbygging. Det gjeld ikkje minst i Sogndal sentrum, men det er også gjort mange funn i utmarka dei siste åra.

Prosjektet til riksantikvaren: «Bevaringsprogram for utvalte arkeologiske kulturminne (BARK) 2010-2020», har som mål at eit representativt utval arkeologiske kulturminne og kulturmiljø skal sikrast gjennom langsiktig skjøtsel og verta gjort tilgjengeleg for publikum innan 2020. I Sogndal kommune har ein rangert «Lausakaupangen» i Kaupanger, runesteinen på Stedje og Borgarholt som dei viktigaste. Lusakaupangen er den gamle kjøpstaden i Kaupanger der berre stavkyrkja står synleg i dag, men ved graving er det gjort funn av ei rad ulike kulturminne. Dette er eit særprega og variert kulturminne som dekker eit større område. Borgarholt er namnet på bygdeborga i Årøy som er eit forsvarsanlegg frå jarnalderen.

Bygningar frå mellomalderen og fram til 1650 er også automatisk freda. På De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum står tre bygningar frå Sogn som er freda:

A- Vigdalsloftet, De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

Loftet vart bygt kring år 1600 på garden Nedre Vigdalen i Jostedalen, Luster kommune. Det vart bygd som husly til folk som skulle over fjellet mellom Luster og Jostedalen. Huset vart i 1890 kjøpt av læraren Hans O. Vigdal som sette det opp på Vigdalsstølen. Det vart i 1940-åra flytta til De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum.⁴ Loftet er upanelt og tekt med torvtak. Det er få loft på Vestlandet.

A- Kvammeloftet, De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

Loftet kjem frå Nedre Kvamme i Borgund, Lærdal kommune. Fyrste høgda var bygd som ei sengebu, truleg sist på 1500-talet. Sjølve loftet med utvendig trapp og svalgang på tre sider er påbygt seinare, truleg i 1745.⁵

A- Hemrebui, De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

På gamlemuseet nede i Amla stod ei sengebu frå Hemrebu i Nordeide, Høyanger kommune. I samband med avviklinga av gamlemuseet vart Hemrebui teke ned og flytta til museumsområdet på Vestreim. Det ligg føre planar om å setta ho opp, men førebels ligg ho demontert og lagra på museet.

KULTURMINNE FREDA ETTER KULTURMINNELOVA

Kulturminnelova opnar opp for å freda kulturminne yngre enn 1537, så kalla vedtaksfreding. Oftast er det bygningar og anlegg som vert freda på denne måten, men lova opnar også opp for å freda kulturmiljø, område kring freda objekt og båtar. Det som er verna på denne måten, har oftast nasjonal verdi. «Fredningsgjennomgangen» er eit prosjekt Riksantikvaren har hatt dei siste åra der dei har sett på alle bygningar som vart freda i tidsrommet 1923 til 1978, dvs. dei bygningar som vart freda etter den gamle bygningsfredingslova som i 1979 vart erstatta av dagens kulturminnelov. Målet med fredningsgjennomgangen var å få ei oversikt over kva kulturhistoriske kvalitetar som finst i bygningane, og få klarheit i omfanget av kvar enkelt freding ut frå vedtaket som i si tid vart gjort.

Sogndal kommune har fleire bygningar som er vedtaksfreda. I dei fleste høva er det berre bygningen som er freda, men for å ta vare på særpreget til bygningen bør ein sjå på den i lag med omgjevnaden. Kulturminneplanen føreslår difor at det vert sett av ein omsynssone kring dei bygningane som ikkje har områdefreding frå før. (I denne samanhengen vert museumsføremål sett på som områdefreding). Endeleg avgrensing bør avklarast med fylkeskommune og grunneigar.

B - KAUPANGER HOVEDGÅRD OG KAUPANGER STAVKYRKJE



Kaupanger Hovedgård vart freda av Riksantikvaren med heimel av kulturminnelova §§ 15 og 19, jf § 22 den 8. august 2002. Fredinga omfatta 11 bygningar og eit område i underkant av 300 daa. Innafor området ligg også Kaupanger stavkyrkje og middelalderskyrkjegard som er automatisk freda kulturminne. Bygningane ligg i eit kulturlandskap med stort historisk verdi,

der så vel kulturhistoriske som sosiale og økonomiske samanhengar har nedfelt seg som fysiske spor i området.

Freding av § 4 omfattar:

- Kaupanger stavkyrkje og middelalderskyrkjegard

Freding av § 15 omfattar:

- Hovudbygningen sitt eksteriør og interiør (deler av interiøret er unnateke frå freding)
- Brannkjellaren sitt eksteriør og interiør
- Eksteriøret til stabbur, vedhus, hønsehus, drengestue, dokkestove, låve, kraftstasjon, turk og biehus

Freding av § 19 omfattar området kring bygningane. Både kulturlandskap og m.a. Bjørkanausti som er felles nausttrekkje for gardane på Kaupangersida. Det er laga ein forvaltningsplan for dette området. Kaupanger Hovedgård har og fått utarbeidd ein skjøtselsplan. I samsvar med skjøtselsplanen er det sett i gang arbeid med å restaurera kulturlandskap rundt kulturminna og på sikt gjera området betre tilgjengeleg for publikum.



Figur 2: Bjørkanausti

Kaupanger Hovedgård er eit arkitektonisk og bygningshistorisk verdifullt bygningskompleks frå midten av 1800-talet. Hovedgården er eit av seinempirens hovudverk i tre i Noreg.

Kaupanger stavkyrkje er automatisk freda. Noverande kyrkje er ut ifrå stiltrekka til portalane og dendrokronologiske analysar bygd rundt 1140. Kyrkja er fleire gonger vorte utvida og endra, men i 1959-65 vart ho restaurert og stilmessig ført attende til 1600-talet. Det er påvist to eldre kyrkjebygg under den noverande. Den eldste var ein stolpekyrkje frå første del av 1000-talet, den andre stolpebygningen var frå tidleg 1100-tal og brann kort etter.⁶ Bygget har no ein enkel stavkyrkjeform, dekkja med liggjande kledning. Kyrkjegarden har vore i samanhengande bruk sidan mellomalderen. Det har vore gravstad ved kyrkja minst like lenge som det har vore kyrkjestad. Mellomalderdelen av kyrkjegarden er i dag freda, og er bare unntaksvis i bruk ved gravlegging.⁷

I samband med arbeid med ny kyrkjegard mot nordvest er det funne tre førhistoriske strukturar i form av vatningsveit, nedgraving og kulturlag samt ei rekkje dyrkingslag. Det er også funne ein *holveg* mellom grushola og det som skal vera framtidig gravplass i Kaupanger. I området er gjort arkeologiske funn av ein kjøpstad, les meir under kapitel om Kaupanger.

C- SOGNDAL PRESTEGARD



Sogndal prestegard består i dag av ein hovudbygning, stabbur, garasje og eit mindre uthus, alle husa ligg i den øvre delen av prestegardshagen. Unnateke hagen er all jorda til prestegarden nedbygd, og prestegarden ligg som ein del av tettstaden utan nær kontakt med kyrkja. Det freda hovudhuset er frå 1836, og er eit godt døme på at kjøpmanns- og embetsmannsarkitekturen frå Bergen spreidde seg utover bygdene på Vestlandet.⁸ Huset har ein 2 ½ høgde, er tømra, panelt, kvitmåla og med halvvalma tak med svai.

Det vart vedteke ein ny reguleringsplan i april 2013 der området er lagt i omsynssone. Området nærmast huset er regulert til «omsynssone – bandlegging etter lov om kulturminner» medan hagen er regulert til «sone med særlege oppgjevne omsyn – bevaring kulturmiljø» for å sikre ei god ivaretaking av kulturminneverdiane på prestegardseigedomen.

Sogndal prestegard kan i samsvar med reguleringsplanen nyttast som ein del av Sogndal omsorgssenter, men på ein slik måte kulturminneverdiane ikkje vert vesentleg svekka. Det er og lov å etablera vegtilkomst til Sogndal omsorgssenter. Situasjonsplanen skal



at

leggjast fram for Sogn og Fjordane fylkeskommune.

D- SORENSKRIVARGARDEN PÅ LOFTESNES

Hovudhuset er bygd i 1776 av Michael Fleischer som var sorenskrivar i Indre Sogn 1775-1803. Huset er eit stort kvitmåla lafta barokkhus kledd utvendig med liggjande panel. Huset har høgreist valma tak i sperrekonstruksjon.⁹

E- HOVUDBYGNINGEN PÅ NEDRE AMLA

I Nedre Amla er hovudbygningen freda. Han er bygd i empirestil i 1844 av lensmann Johan Christian Jersin (1802-1878). Huset er lafta, kledd med liggjande panel og tekt med krumtegl. Taket er halvvalma gavlspissar og ein stor ark midt på.¹⁰

F- HOVUDBYGNINGEN PÅ HOVLAND



Hovudbygningen på Hovland er bygd i 1763 av kaptein Jesper Heiberg som tok over Hovland i 1750. Huset er lafta bygning i halvanna høgd, kledd med liggjande panel og tekt med krumtegl. På begge sidene av taket er det ein flat ark.¹¹

HOVUDBYGNINGEN PÅ KJØRNES var tidlegare freda, men denne vernestatusen er oppheva. I fredingsgjennomgangen til Riksantikvaren var det vurdert at bygningen innvendig hadde fått så store endringar at det som ein gang var grunnlag for fredinga, no var vekke.¹²

KULTURMINNE REGULERT TIL BEVARING ETTER PLAN OG BYGNINGSLOVA

Plan- og bygningslova (PBL) er kommunen sitt viktigaste verktøy til å ta vare på kulturminne. Medan freding etter kulturminnelova i første rekkje vert brukt for å sikra kulturminne eller kulturmiljø som er av vesentleg nasjonal verdi, kan regulering til «omsynssone bevaring» etter PBL § 11-8 c) verta brukt for å verna objekt og områder som er verdifulle i eit lokalt og regionalt perspektiv. Den kan også gje eit større vern til kulturminne etter kulturminnelova ved å regulera område rundt eit kulturminne, noko som er gjev et større areal enn kva som er verna i heimel av kulturminnelova.

I Sogndal kommune er både kulturhistoriske og naturhistoriske kulturminne regulert til bevaring etter plan- og bygningslova. Følgjande område er regulert:

1 MUNDAL SENTRUM

Mundal er og har vore bygdesenteret med fjorden som hovudtilkomst der kyrkja og Mundal hotell dannar eit naturleg sentrum. Dagens kyrkje er frå 1861 (og ombygd/påbygd i 1931), men bygd på sama stad som ei eldre kyrkje, slik at kyrkjestaden er eldre.¹³ Mundal sentrum er freda som «spesialområde – bygnings- og landskapsvernområde» med omsyn til ei heilskapleg oppleving av Mundal. Målet er ta vare på den tette busetnaden og dei gamle husa, og føresegnar sett krav til utforming av området.

2 KVAMSHAGEN

I samband med regulering av hytter på Kvamshagen vart steingjerdet som skil utmark og innmark på garden verna som «spesialområde – vern av steingjerde»

3 VASSLI – HODLEKVE

I dette området er det fleire reguleringsplanar der hytteutbygging er primærføremålet, i tillegg til ski utbygginga i Hodlekve. Felles for området er at det er fleire steingardar som er verna i medhald av PBL.

4 KVÅLE – GURVIN

Kvåle var ein av dei først busette gardane i Sogndal, med funn som syner fast busetnad for kring 2000 år sidan.¹⁴ I samband med utbygging av byggjefeltet Kvåle – Gurvin vart det gjort arkeologisk utgraving der ein fann busetnader og aktivitet frå både førreformatorisk tid og bronsealderen. I dag er området utbygd, men området kring Stullahaugen er bevart. Området nærast gravrøysa er regulert til «spesialområde – bevaringsområde for gravhaug». Det utgjer eit større areal enn kva kulturminnelova krev. Som ein utvida buffer har ein i tillegg lagt eit større område til friområde, der området lengst vekke kan installerast med ustyr til felles samlingsplass, leikeutstyr og liknande. Område der den arkeologiske utgravinga føregjekk, er merka på reguleringskartet.



5 KVÅLE MIDDELALDER KYRKJESTAD OG – GARD



Kvåle sokn er omtala i skriftlege kjelder tidleg på 1300-talet, men lik mange andre kyrkjer gjekk ho av bruk i øydegardsperioden. I brev frå 1544 er det opplyst at Kvåle kyrkje var til nedfalls. Inn på 1800-talet låg det framleis restar av kyrkja, som tyder på at det var ei steinkyrkje. Då dei bygde inste fjøsen på Kvåle i 1830-åra, tok ein murstein frå kyrkjetomta.¹⁵ I nærleiken av området er det også funne dyrkingsspor frå bronsealder, gravminne frå jernalderen og busetting frå vikingtid – middelalder. Heile området er ikkje regulert, men to reguleringsplanar har sett av område til «spesialområde bevaring av anlegg – kulturminnevern» knytt til desse kulturminna.

6 FOSSHAGEN – LEMHAGEN

Foss er ein av dei store sentrumsgardane. På slutten av 1800-talet vart garden tilplanta med frukttre.¹⁶ Mykje av den opphavlege garden er bygd ned, men tunet står framleis, og rundt er det framleis ein større eplehage. I reguleringsplanen er delar sett som «spesialområde – kulturlandskaps-jordbruksområde». På Foss er det det tradisjonelle landbruksmiljøet, inklusive bygningsmassen, som ein ønskjer å ta vare på.



Liknande spesialområde var gjeldande for Lemhagen, men her har nyare reguleringsplan innskrenka vernet litt. I den nye planen er den regulert til «spesialområde – bustadvern». Det er framleis ei heilskapstenking der eksisterande bygningsmiljø skal takast vare på, men det gjeld våningshus og hage.



Elvhaug vart frådelt frå Foss i 1900, og er i dag eigd av De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum. Huset har opphavleg vore i sveitsar stil, men vart på 1950-60-talet rehabilitert til ein meir funksjonell stil. Dette området er i reguleringsplanen regulert til «Spesialområde – bustadvern». Også her skal eksisterande bygningsmiljø takast vare på.

Nord for tunet til Foss er det seinare registrert automatisk freda kulturminne som ikkje er synlege i reguleringsplan. I gjeldande plan er det lagt ut som bustadområde.

SOGNDAL PRESTEGARD

Sjå omtale under kapitelet om kulturminne freda etter kulturminnelova.

7 STEDJEMØLLE



Mølla var ein direkte arvtakar etter ei gardskvern som Erik Stedje kjøpte i 1893. Han reiv den gamle kverna og bygde opp ei moderne mølle. Ho var i full drift til ut på 1960-talet, då det fann stad ein sterk tilbakegang i korndyrkinga i distriktet.¹⁷ Bygningen står i dag som eit kulturminne. Neset der mølla står, er regulert til «spesialområde- kulturminnevern». Formålet

med reguleringa er å freda møllebygningen med tilhøyrande vassinntak. Mølla er i dag eigd av De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum.

8 STEDJE KYRKJESTAD

Kyrkjestaden vert rekna som ein av dei eldste kyrkjestadene i Sogn. På Stedje står det ein nesten to meter høg runestein, som ein reknar med kan ha samanheng med den første kyrkja her.¹⁸ Rester av eit gravfelt ligg i skråninga nokre titals meter aust for dagens kyrkje. Denne kyrkja vart bygd i 1867 til erstatning for ei stavkyrkje som vart riven.¹⁹ Kyrkjestaden er freda med ulike vernetypar på enkeltminne.

I reguleringsplanen er dagens kyrkje og kyrkjegard regulert til «spesialområde – gravplass». Større delane av skråninga frå flata er lagt som friområde.

9 NEDRE STEDJE

På Nedre Stedje er det funne fleire automatiske freda kulturminne som ein har teke omsyn til i reguleringsplanen. Der ein køyrer inn til Stedje Camping, er det avsett eit område «spesialområde» grunna i to gravhaugar i området. Likeins er det sett av eit område, Leirneset, ut mot Stedjetunnelen etter funn av gravfelt. I tillegg er det gjort funn av busetjing ved Leirneset. Dette er gjort i samband med eit område som i reguleringsplanen er regulert til «trafikkområde/camping».

10 FJØRA



Fjøsra er karakterisert av ein tett trehusbusetnad og smale gater og geiler. Det meste av Nedstefjøsra og Elvebakken er verna gjennom reguleringsplanar, anten som «omsynssone – bevaring av kulturmiljø» eller «spesialområde – bevaring bygningar». Det er då m.a. sett krav til ytre utsjånad av bygningar.

Ved sentrumsparken er Bondevikhuset regulert til «spesialområde – bevaring av bygningar».

På oppsida av Gravensteinsgata, mellom Plassen og Sogningen, har ein verna eit par hus til «spesialområde – bevaring bustadar». Ein burde vurdera om heile kvartalet ved Plassen burde vera regulert med omsynssone – bevaring av kulturmiljø.

11 ÅRØY

I reguleringsplan for Årøy-Teigen er det teke omsyn til automatisk freda kulturminne, gravrøys, og lagt eit større område til «spesialområde – kulturminnevern/friluftsliv». Det er også regulert andre spesialområde til ulike typar friluftsområde som skal skjøttast med omsyn til kulturlandskapet, naturmiljø og kulturminnet.

12 KJØRNES

Ved Kjørnes camping er det regulert to område til «Spesialområde – bevaring av anlegg». Eit område ligg ved Sogndalsfjorden og inneheld ei gravrøys. Det andre området er vendt mot Eidsfjorden og inneheld to gravrøyser. Tidlegare var den gamle offisersgarden freda med heimel i kulturminnelova, men dette er oppheva. Hovudbygginga frå ca. 1800 står lengst søraust i eit lite rekketun. Like ved står skulestova. Eit særprega naust, truleg frå 1700-talet, stod tidlegare i fjøsra, men er no vekke.²⁰

13 EIDET



Nede i Eidet ligg eit lite gardsbruk som den siste båtbyggjaren i bygda eigde fram til han døydde i 2000. Han bygde sognebåtar og dreiv med litt jordbruk. Bruket vart testamentert til De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum. I reguleringsplanen er bruket regulert til «spesialområde – bevaring» for kulturminne. På området skal eksisterande bygningar og kulturlandskap takast vare på.

14 KIPERHAUGEN

Kiperhaugen (tidlegare kalla Ekrebakken) er eit døme på husmannsvesenet på Kaupangerhalvøya. Det er den yngste av husmannsplassane under Vestreim, etablert i 1880-åra. Plassen vart ikkje ei eiga driftseining før i 1974. I reguleringsplanen er området avsett til «spesialområde – kulturlandskap», og omfattar både bygningsmiljø og kulturlandskap.

15 ESKESTRAND

Reguleringsplanen for Eskestrand er på nedsida av vegen, og det er lagt vekt på at ein ved utføring av bygningar og veganlegg og liknande skal ha minst mogleg inngrep i naturen og at inngrep ved behov skal kunna førast attende til mest mogleg naturleg tilstand, også når det gjeld naturen. Ein har difor lagt tre område til «spesialområde – kulturlandskap». To av områda gjeld ein gamal frukthage med verdifulle gamle frukttre. Det tredje området gjeld bevaring av orkidear.

16 INGEBRIKTSNESET

Reguleringsplanen på Ingebriksneset har sett av eit større område rundt ei automatisk freda gravrøys til «spesialområde – kulturminnevern»

17 NORNES

I nedre del av bustadområdet på Nornes er det registrert gravrøys. Ved utforming av reguleringsplan av bustadfeltet er det regulert ei vernesone rund gravrøysa: «spesialområde – vernesone kring fornminne (gravrøys)»

18 YTRE SLINDE

Det er funne ein stor nausttuft frå jernalderen på ytre Slinde. Området ved funnet er regulert til spesialområde.

FAGLEG ANSVARSFORDELING

Fleire statlege institusjonar har hatt ein gjennomgang av sine byggverk og anlegg og gjort eit utval av nasjonalt viktige kulturminne innafor sin sektor. Desse har ikkje ein formell vernestatus før dei vert freda etter kulturminnelova på initiativ frå riksantikvar eller fylkeskommune, eller at dei vert regulert til omsynssone av kommunen med heimel i PBL. Sogndal kommune har eit par kulturminne som er vurdert å ha nasjonal verdi, men ingen er førebels freda.

STATENS VEGVESEN

Statens vegvesen hadde for omlag ti år sidan ei vurdering av kulturminne knytt til vegrelaterte byggverk og anlegg som er representative for den historiske utviklinga av vegnettet i Noreg. I Sogndal kommune er to anlegg vurdert som nasjonalt viktige. Rasteplassen ved Vatnasete, Sogndalsdalen (19), vart bygd i 1994. Vegstrekninga mellom Sogndal og Fjærland byr på ei kunnskapsreise gjennom ungt landskap på gamal fjellgrunn. Dette er også tema for rasteplassen der ein hellelagt sti symboliserer ei tidsline. Symbol og teikningar på hellene fortel om kjente historiske hendingar og den natur- og kulturhistoriske utviklinga i og omkring Sogndalsdalen. Rasteplassen er døme på vegplanleggingshistorie knytt til rasteplassar med høg kvalitet og kunstnarisk utsmykking, og som har ein opplevingsverdi. Vernet skal ta vare på hovudelement og detaljar.²¹

I den nasjonale verneplanen var også ferjehuset på Loftesnes (20) med. Det vart bygd i 1939 og fungerte som maskinhus for kabelferja som gjekk over Barsnesfjorden frå Loftesnes til Nes fram til brua kom i 1958. Vurderinga var at bygningen var eit døme på ein typisk bygningstype frå midten av 1900-talet. Planen er no i ferd med å verte rullert, og mykje tydar på at ferjehuset vil verte trekt ut. Dei har ikkje kome så langt i prosessen at nye kulturminne er vurdert inn i planen.

NORGES VASSDRAG- OG ENERGIDIREKTORAT

NVE har vurdert kulturminner innafor fire ulike område:

- Dammar som kulturminne
- Kraftoverføringas kulturminne
- Kulturminne i norsk kraftproduksjon
- Vassdragsteknikkens kulturminne.

Sogndal kommune er òg representert i oversyn knytt til kraftoverføring. Her er kraftlina frå Refsdal til Fardal vurdert som nasjonalt viktig kulturminne. Viktige moment i valet er det pionerarbeidet som vart gjort og spesielt er fjordspennteknikken trekt fram, både den over Sognefjorden og den over Sogndalsfjorden.²² Når planane for omlegging av lina ligg føre, vil spørsmålet om kulturminnevilkår koma inn i biletet.

GAMLE FERDSELSÅRER

Dei gamle ferdselsårene kan vera interessante kulturminne som fortel korleis folk har bevega seg mellom bygder. Kulturminneplanen for Sogndal kommune tek utgangspunkt i dei gamle ferdselsårene som er tilrettelagde eller merka som stiar i turkartet.

21 GAMLEVEGEN SOGNDAL- KAUPANGER



Frå gamalt av tok dei fleste båt frå Sogndal og inn til Eidet, ein av fire skyssstasjonar i kommunen, for så ta landevegen over til Kaupanger. Det gjekk også ein rideveg frå Loftesnes, gjennom tunet på Kjørnes og vidare gjennom dei fleste gardstuna i Vestreimsgrenda over Kaupangerskogen til Amla.²³ I 1847 vedtok heradsstyret at det skulle byggjast brygger, og at ein skulle tilsetje ein ferjemann som skulle stå for transporten mellom Nes og Loftesnes.²⁴

Den gamle ridevegen vart difor i 1848 ombygd og utbetra til kjerreveg.²⁵ Deler av vegen er framleis tydeleg. Strekninga mellom Vikane og Lemhyttene er i dag ein ofte brukt turveg. På denne strekninga er det også sett opp informasjonskilt om natur og kultur. Langs denne strekninga er det også spor etter den første telegraflina i Sogndal som offisielt vart opna i 1896.

Frå gamalt av gjekk vegen gjennom tunet til Valeberg og tok sidan av til Eidsgrenda. Oppe ved Demma på museet delte vegen seg. Enten kunne ein ta vegen til venstre, mot Øvre Skogen og gjennom alle gardane for så å koma ned ved ungdomshuset, eller ein kunne ta hovudvegen mot høgre forbi Eidemyri, Manslagshammern, Endrehjellbakken, Kvernhusaugen og vidare mot ungdomshuset. Så gjekk han ned forbi ungdomshuset, skulen, ned Sagane forbi Brekka og Kyrkakvina ned mot stavkyrkja, forbi Kaupanger Hovedgård og vidare opp mot Amla og rundt.²⁶

Delar av vegen er å finna att i dag, og på nokre strekningar går ein folkesti. I Kaupanger, ved rundkøyringa, er den gamle brua bevart (21a).



22 ÅRØY – OKLEVIK²⁷



Frå gammalt av gjekk det ein veg mellom Sogndal og Hafslo frå Nagløyri inst i Barsnesfjorden opp langs Årøyelva til Oklevik i Hafslo. Det heiter seg at både Olav den heilage og kong Sverre skal ha ferdast på denne vegen. Vegen vart ombygd fleire gonger. Den gamle ridevegen var bratt med mange vanskeleg kneiker. I 1848 vart vegen bygd om slik at det var råd å køyra med hest og kjerre mellom Sogndal og Hafslo. Ombygginga skjedde like etter Vindhellavegen i Lærdal vart bygd, og ein kan finna klare parallellar i byggjemåte for dei to vegane. Forbi og rundt dei vanskelegaste punkta er vegen bygd opp med flotte steinmurar. Vegen var framleis bratt og vegstrekninga Sogndal- Marifjøra var stadig oppe på prioriteringslista til fylket. I 1900 fekk dei stortingsløyving til dei to parsellane på Sogndal – Marifjøra (Årøy- Oklevik og Marifjøra- Kjørlaug) og i 1905 var den nye køyrevegen langs Årøyelva ferdig. Han var no lagt i større svingar på vestsida av elva.²⁸

Deler av vegen mellom Årøy og Oklevik vert i dag brukt som tursti, og det er informasjon om både materielle og immaterielle kulturminne. Både vegen og elva er knytte til gamle segner. Ein kan lesa om m.a. Futaspranget, Gildresskreda, Olavskjelda og ein gamal bygdeborg. I tillegg er det sett opp skilt om gamle stadnamn, slik at namna ikkje vert gløymde.



23 FJÆRLAND – VEITASTROND



Frå Suppehelledalen i Fjærland gjekk den ein gamal ferdsleveg gjennom Snauedalen til Veitastrond. Den har vore ein viktig bindeledd mellom dei to bygdene heilt fram til moderne tid. Under 2. verdskrig kom m.a. fjærlendingar denne vegen for å kjøpa ost.

24 FJÆRLAND – LUNDE²⁹

Fjellruta mellom Bøyadalen i Fjærland og Lunde i Jølster har vore nytta som sambandsveg mellom desse bygdene i uminnelege tider. Skriftlege kjelder omtalar han tidleg på 1600-talet. Vegen er kort i høve til ein del andre overgangar, og ein kunne koma seg vidare vassvegen på Jølstravatnet eller Fjærlandsfjorden. Ruta vart og nytta til å føra dyr over breen. Sauene tok ein opp Lundeskaret, men andre dyr som kyr og hestar nytta ein heller Søgnesandsdalen.

25 ANESTØLEN – FJÆRLAND

Den gamle ferdselsvegen mellom Sogndal og Fjærland gjekk over fjellet frå Anestølen over Sogndalseggi og vidare ned enten til Berge eller til Horpedalen.

26 SKARSBØ – SKJELDESTAD

Landevegen frå Sogndal og vestover gjekk over fjellet mellom Skjeldestad og Skarsbø. Ved Skarsbø er vegen opparbeid og tydeleg eit stykkje, men på andre sida skaret er han så og seia vekke. Det var også ein ferdselsveg litt lenger vest, mellom Lereim i Sogndalsdalen og Øvstetun i Øvstedalen.

BAUTASTEINAR

I mange samfunn har folk reist bautasteiner til minne om spesielle hendingar, personar, grensemarkeringar m.m. Steinar med runeinskripsjon vert omtalt som runesteinar, medan nyare steinar ofte vert kalla minnesteinar.

EGGJASTEINEN³⁰

Eggjasteinen var funne på Eggja i 1917, og er ein av dei mest kjende runesteinane som er funne i Noreg. Han er truleg frå 600-talet e.Kr. og inneheld den lengste kjende innskrifta med eldre runeteikn. Ettersom det er få steinar å samanlikna har det vore vanskeleg å tolka teksten. Den mest kjende er Magnus Olsen sin:

*Ikke truffet av sol
og ikke skoret med kniv.
Denne (steinen) overøste mannen med liksjø (blod)
og skrapte med den keiper på en bormødige hun (sleden)
Kven av flokken er kommet hit til menneskeland.
Fisken , den faste i sitt forsett,
gjennom likstrømmen svømmende.
Fuglen, som ville skrike om den fikk slike lik.
For Ormar er gostret en hevner.*

I dag er steinen oppbevart på Bergen Museum.

27 RUNESTEIN STEDJE³¹

Runesteinen på Stedje er truleg sett her ein gong i mellomalderen. Runologane meiner at innskrifta er frå omkring 1100 e. Kr.

Innskrifta er tyda til: «*Kong Olav skaut mellom desse steinane*» Det er usemje kven kong Olav var, det finst fleire moglegheiter. Segner frå Sogndal talar for at det kan vera Olav Haraldsson som skaut mellom steinane.



Dei fortel at det var han som kristna bygda. Han stod på kyrkjebakken og peika ut tufta til den første kyrkja på staden. Kanskje med pil og boge? Olav Kyrre og Olav Tryggvason er andre kongar det er spekulert kring. Det kan også ha vore ein bautastein på ei heidensk grav.

Runesteinen har vore flytta fleire gonger. Den skal ha stått på Nedre Stedje og ei tid låg den i grunnmuren på eit av husa på Stedje. Det er uvisst kvar steinen stod opphavleg.

Toppen på steinen vart øydelagd i vinteren 2012, men er no restaurert i samråd med kulturminnestyresmaktene. Sogndal kommune planlegg no i samarbeid med kulturminnestyresmaktene korleis vi best kan ta vare på runesteinen i framtida.

28 RUNESTEIN AMLA³²

På garden Øvre Amla var det litt aust for gardstunet funne ein runestein i 1902. Konservator Shetelig undersøkte den under eit opphald i Amla i august 1903. Han tyda dei 14 teikna til: *Bogskyttaren vart lagd i haug her*. Innskrifta på steinen er datert til folkevandringstida kring 600 e.Kr. Den stod mange år framføre museumsbygningen i Amla, men vart seinare flytta opp i bakken ved sida av inngangspartiet.



29 SLAGET VED FIMREITE³³

Slaget ved Fimreite i 1184 var ei viktig hending i norsk historie. Det heiter at Kong Sverre og birkebeinarane hans kom på besøk for å krevja bot for at sogndølane hadde drepe sysselmannen hans eit halvårs tid i førevegen. Då dei nekta, svara Sverre med å svi av alle gardane oppover frå Sogndalsfjøra. På denne tida var det borgarkrig i landet med mange kongsemne som konkurrerte om makta. Kong Magnus Erlingsson kom uforvarande på kong Sverre, og det kom til kamp ved Fimreite. Slaget tok mange liv, men det var kong Sverre som til slutt gjekk sigrande ut av slaget. Det vart reist ein bautastein til minne om slaget i 1984, 800 år etter slaget. Det var diskusjon kor steinen skulle stå, men det vart til slutt på Nornes fordi det var på Nornes dei falne vart tekne i land og gravlagde. I tillegg at det var lettare for besøkande å koma seg til Nornes enn til Fimreite som på den tida var veglaus.



30 MINNESTEIN I FARDAL³⁴



Minnesteinen i Fardal er til minne over soldatar som var med i krigen mot Sverige i ufredsåra 1807-1814. Det var mange frå Sogn og Fjordane som vart innkalla og i fleire vender sende austover for å verja landet. Mange miste livet eller fekk livsvarig mein. Ved årsskiftet 1913/1914 var det nasjonalistar som oppmoda om å reisa bautasteinar om krigen. Dette vart gjort i Norane. På framsida står det: MINNE*UM DEI NØRER*SOM VAR MED*I KRIGEN 1807 17. mai 1914.

Steinen står i dag på Storekleivi. I si tid stod han sentralt ved sida av vegen, men når vegen vart lagd på oppsida kom minnesteinen i bakevja. Det har vore ønskje om å flytta den til ein meir sentral plassering, men det har vore tvil om steinen vil tole dette. Det burde i det minste ryddast rundt steinen slik at han vart synlegare frå riksvegen.

31 MINNESSTEIN ALLMENNINGEN³⁵

Ein anna minnestein over soldatar som deltok i svenskekrigen 1807-1814, er plassert på Almenningen i Sogndal. Med sine 8 meter er han godt synleg. Tidlegare var skrifta nedover mot fjorden, men då den vart flytta eit lite stykke i 1999 vart skrifta vend mot hotellet. På steinen står det innhogge: STEINEN ER*SETT TIL MINNE*UM DEI SOGN-*DØLER SOM VAR*MED OG STRIDDE*FOR FEDRALAND*OG FRIDOM*1807-1814*7. JUNI 1914.



A BAUTASTEIN FRÅ NORNES³⁶ – De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

På Nornes skal det ha stått fleire bautasteiner. Biskop Neumann har meldt om fem, og I. C. Dahl har portrettert ein i «Vinter ved Sognefjord». I dag er det ingen igjen på Nornes. Den einaste som er bevart er å finna på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, der han kom i 1993 etter å ha vorte flytta rundt fleire stadar. Det er ikkje noko innskrift på steinen. Kor dei andre steinane er vorte av er uvisst, men truleg er dei, liksom mange andre steinar, vorte brukt i ulike byggverk.

32 MINNESTEIN OVER HENRIK OG METTE DAHL

Minnesteinen står på skuleområdet til Sogndal folkehøgskule med framsida vendt mot sør. På framsida står: METTE DAHL*OG*HENRIK MOHN DAHL*BYGDE HELGHEIM*1875. På baksida står: HØGSKULEVENER*SETTE STEINEN*17 MAI 1914.

Sogndal folkehøgskule vart skipa i 1871 av presten Jacob Sverdrup. Dette var ein av dei første folkehøgskulane i landet og er, nest etter



Sund folkehøgskule (frå 1868) den eldste som framleis er i drift. Skulen heldt første året til i den gamle sorenskrivargarden på Loftesnes og så tre år på garden Bahus i utkanten av Sogndalsjøra. I 1874 vart teologen Henrik Mohn Dahl lærar ved skulen. Året etter starta han og søstera arbeidet med å byggja ei ny skulestova til skulen på Nes. Skulen fekk namnet Helgheim. Helgheimstova har i dag ein sentral stad på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum. Folkehøgskulen vart raskt etter starten etablert som eit utdanningscenter og eit kulturelt og politisk senter i Sogn. Skulen har vore eit sentrum for målreisinga i Sogn og Fjordane.³⁷ I 1882 fekk Henrik Mohn Dahl i stand eit lærarmøte der det for første gong i landet vart halde kurs i nynorsk.³⁸

33 MINNESTEIN OVER BOLETTE PAVELS LARSEN



Minnesteinen over Bolette Pavels Larsen står i dag på leikeplassen ved Fjærland skule. På steinen står innhogge: SOGNINGAR SETTE DENNE STEINEN*TIL MINNE UM BOLETTE C. PAVELS LARSEN. På baksida står årstalet 1907.

Bergens -forfattarinna Bolette Pavels Larsen var født i Sogndal, men flytta til Bergen 17 år gamal. Ho var ein lang periode på årvisse sommarbesøk i Fjærland. Boletta var sterkt engasjert i målrørsla, og var med og sette liv i Vestmannalaget etter ein dvale fyrst i 1880-åra. Ho omsette folkelivsforteljingar frå svensk og skreiv eigne folkelivskildringar på sognemål. Bolette Larsen var elles ein flittig litteraturmeldar i Bergens Tidende, og hadde omfattande korrespondanse med Garborg, Hamsun og andre forfattarar.³⁹

34 MINNESTEIN OM OSCAR II I FJÆRLAND⁴⁰

Sommaren 1879 var kong Oscar II på besøk i Fjærland. Bonden som fylgde han fram til Bøyabreen og attende, ville ikkje ta i mot pengar for hjelpa. Kongen gav i staden ein pengesum som skulle nyttast til dei fattige i bygda. Etter som det ikkje var nokon fattige eller trengande i bygda, vart pengesummen nytta til å setta opp ein minnestein til minne om det kongelege besøket. Året etter vart minnesteinen reist. Han var sett opp tett attmed bygdevegen. Då hotellet vart bygt i 1891, vart bygdevegen flytt nokre meter nærare sjøen, og på den måten vart minnesteinen ståande i hotellhagen der han står i dag.



35 KYRKJEGARDEN I FJÆRLAND



På kyrkjegarden i Fjærland er tre minnesteinar. I tillegg til dei over fylkesmannen *Hans Seip* og *Georg Distad* som døydd i krigen 28. april 1940, er det også ein større gravstein over ein tysk marineoffiser som omkom i Fjærland 29. juli 1910. Saman med andre frå mannskap på keisar Wilhelm II sitt skip «Hoenzolleren», gjekk

Walther Christiani ein tur opp mot Flatbrehytta då han datt utfor ein skrant og omkom. Staden han fall frå vert enn i dag kalla Tyskarbotn og eit fjell mot nordaust heiter Tyskarnipa. Foreldra til den omkomne løytnanten ordna seinare med ein minnestein over sonen med innskrifta: WALTHER CHRISTIANI LEUTNANT ZUR SEE WAS FREI UND GROSS AUF ERDEN HAT DIESES HERZ GEKANNT (på norsk: Walther Christiani marineløytnant. Det som er fritt og stor på jorda, kjende dette hjartet til)⁴¹

36 KYRKJEGARDEN PÅ STEDJE



Minnestein over Nils Loftesnes

Framfor Stedje kyrkje står ein minnestein over Nils Loftesnes. I ufredsåra 1807-1814 var Nils Loftesnes ein av dei soldatane som vart sendt austover på grensevakt. Han var også utsending til Eidsvollsforsamlinga 1814, vald av regimentet sitt. På steinen står: Eidsvollsmannen*NILS J LOFTESNES*Heradet*sette*steinen*17.mai 1914.

Minnestein over Hans Schreuder

Hans Paludan Smith Schreuder var fødd i Sogndal i 1817 og utdanna teolog. Han var den første misjonæren som vart sendt utomlands av Det norske Misjonsselskap. Han vart sendt til zulu-folket i Sør Afrika. Han døydd i Afrika 1882. Minnesteinen på Stedje vart avduka 1992.⁴² Det finst også ein minnestein over hans mor, Anna Cathrine Schreuder, ved Stedje kyrkje reist av misjonskvinner.

Minnestein over Henrik og Hanna Krohn

Minnesteinen over paret Krohn er ein stor obelisk forma stein. Henrik var ein føregangsmann for norsk skriftmål. Han grunnla vekebladet *Ferdamannen*, skipa 1865 Vestmannalaget og redigerte i ein periode tidsskrifta *Fraa By og Bygd*. I tillegg gav han ut fleire bøker, m.a. med innhald henta frå Sogndal. Han var fødd i Bergen 1829, men flytta seinare til Sogndal der han dreiv den vidgjetne fruktgarden på Stedje. Ein periode eigde han òg fyrstikkfabrikken på Foss. Kona var òg interessert i målrørsla og framstående medlem i Vestmannalaget.⁴³

37 KYRKJEGARDEN VED NORUM KYRKJE

På kyrkjegarden ved Norum kyrkje finst minnestein over lærarskuleeleven Tomas Fondenæs og lekpredikant Anders O. Venes.

UTMARK



Utmarksfunn frå steinalderen er ofte knytt til reinsdyrområde, og difor ikkje påvist i Sogndal, derimot er det rikeleg med funn knytt til støling. På Vestlandet er dei eldste bygningen knytt til stølsdrift datert til midten av romartid.⁴⁴ I samband med kulturhistoriske registreringar i Sogndal kommune er det gjort dateringar som går attende til yngre romartid - folkevandringstid (340-540 e.Kr.). Talet på funn knytt til utmark tilseier at stølsdrift har vore viktig i desse traktene heilt frå romartida til svartedauden. Vi veit også at dei har vore svært viktige i nyare tid. I ei kjelde frå 1880-åra kan ein lesa at av dei nær 2,5 millionar liter mjølk som vart produsert årleg i Songdal, kom over halvparten av dette frå dei 110 dagane dei var på stølen.⁴⁵

Plassering av stølane stilte store krav, både til vekstsesong og beitekvalitet. Ein ønskte å få hausta så mykje som mogleg på innmarka nær garden, og beitekvaliteten var viktig for at dyra skulle mjølka godt. Stølane skulle også ha tilgang til vatn og liggje trygt i høve til snø- og

steinras. Ofte fann ein den beste plasseringa i skoggrensa eller noko over dette for stølen. Generelt kan ein seia at dei moderne vår- og hauststøl låg på 2-300m høgde medan sommarstølen låg 7-800 moh. Dei eldre stølane ser ut til å liggja over dagens stølar.

ELDRE STØLSOMRÅDE

I seinare år er det gjort mange funn og registreringar i utmarka av eldre stølsområde. Mange takka vere lokal kjentmann Kjell Magne Hillestad. Fylkeskommunen har registrert åtte av desse og sommaren 2013 registrerte ein arkeologstudent 15 ulike plassar. Truleg kjem ein rapport i løpet av neste år. Det er altså gjort ein del registreringar, men likevel har ein ikkje rukke å registrere alt, og det vert stadig funne nye stader. I tillegg til historiske stølar er det også gjort arkeologiske funn ved eksisterande stølar, som til dømes av skålgropar.

Kort fortalt er det funne 250 tufter på over 50 ulike lokalitetar. Tidsrommet strekkjer seg frå 300-400 –talet fram til svartedauden. Funna vitnar om ein omfattande ekspansjon i utnytting av utmarksressursar i yngre jernalder/ vikingtid.⁴⁶ Hovudteorien for dei eldre stølane er at stølinga har vore kombinert med andre utmarksaktivitetar som til dømes jarnframstilling, jakt, sanking, fiske. Nedanfor følgjer ein kort oppsummering av dei åtte registrerte områda:

Hovudperiode	Underperiode	Kalenderår
Eldre steinalder (mesolitikum)	Tidlegmesolitikum	9200 – 7500 f.Kr.
	Mellommesolitikum	7500 – 6400 f.Kr.
	Seinmesolitikum	6400 – 4000 f.Kr.
Yngre steinalder (neolitikum)	Tidlegneolitikum	4000 – 3300 f.Kr.
	Mellomneolitikum A	3300 – 2600 f.Kr.
	Mellomneolitikum B	2600 – 2300 f.Kr.
	Seinneolitikum	2300 – 1700 f.Kr.
Eldre bronsealder		1700 – 1100 f.Kr.
Yngre bronsealder		1100 – 500 f.Kr.
Eldre jernalder	Førromersk jernalder	500 f.Kr. – 1 e.Kr.
	Romartid	1 – 400 e.Kr.
	Folkevandringstid	400 – 570 e.Kr.
Yngre jernalder	Mervikingartid	570 – 800 e.Kr.
	Vikingtid	800 – 1030 e.Kr.
Mellomalder	Før-reformatorisk tid	1030-1537 e.Kr.

38 HØLSETELI⁴⁷

I liene ovanfor stølen Hølsete har ein lenge vore kjent med eit par tufter. I 2008 var det gjort ei registrering der ein totalt kartla 21 tufter og 18 groper. Tuftene var av tre ulike typar der truleg nokre var bustad medan andre var lager eller arbeidsstasjonar. I gropene vart det

funne kol, og trass i at ein ikkje har funne slagge eller røsteplassar, kan funnet tyda på jarnframstilling. Det kan vera kombinert med andre aktivitetar.

39 MYRBEINSETE⁴⁸

I 2008 vart nye og ukjente tufter oppdaga på den nedlagde stølen mellom Furuset og Fjærlandsete i Øvstedalen. Det vart gjort ei registreringsundersøking på totalt 10 tufter. Tuftene er av ulik form og storleik, noko som kan tyde på at dei er frå ulike tidsperiodar. Dateringar viste eit tidsspenn på 400 år, frå vikingtid til seinmiddelalder. Det har truleg vore ei meir eller mindre samanhengande utnytting i området, men bruken har vore sesongsmessig. Ei naturleg tolking er at det tidlegare har vore eit stølsområde, men nærleiken til myrlendt terreng kan heller ikkje utelate jarnframstilling.

40 NAVARSETE OG VIERHØLA⁴⁹

I utmarksplanen er det registrert 8 bygningar og tufter på Navarsete som ligg over skoggrensa i fjellet nord/aust for Svedal. Stølen vart brukt til beite og hytte- og rekreasjonsområde. I etterkant er det registrert fire steinar med skålgroper ved stølen. Desse er automatisk freda. I tillegg er det oppdaga nokre tufter i og nær stølen. I Vierhøla, ein liten botndal nord for stølshusa på Navarsete, vart det registrert tre tufter, og ved Fossane (ligg i skogsbeltet i ei skråning sørvest for Navarsete) er det registrert 2 tufter. Totalt vart det registrert 7 tufter og 2 groper, men det kan tyde på at det er fleir funn. Ved Fossane er det på vestsida av elva oppdaga minst fire tufter som ikkje vart registrerte ved dette høvet.

Den eldste bruken vart påvist inne i Vierhøla der den eine av kolgropene vart datert til merovingartid. Mest truleg har husa vore etablert i samband med fjellbeite og anna type stølsaktivitet. Kolgropene kan ha vore brukt til kolproduksjon til smiing eller matlaging. Tuften på Navarsete vart datert til vikingtid.

41 SLETTADALEN

Totalt er det registrert ni tufter i ein registreringsundersøking i 2008. Dateringar strekker seg i tid frå yngre romartid til folkevandringstid. Dateringa som går heilt attende til yngre romartid er den eldste dateringa frå stølsanlegg som er registrert i Sogndal. På Vestlandet er dei eldste bygningane knytte til stølsdrift datert til midten av romartid.⁵⁰

42 GAMLE-SPE OG ØVRE SPE

I registreringsundersøkinga gjort i 2010 vart ti tufter på gamle Spe og fire tufter på Øvre Spe kartlagt. I tillegg vart det registrert to groper på gamle Spe. Datering på Gamle-Spe er frå merovingartid men sannsynleg har bruken fortsett vidare inn i vikingtid, medan Øvre Spe er frå slutten av vikingtid og tidleg middelalder. Tuftene på Øvre Spe skil seg frå tuftene på Gamle – Spe i alder, tal, form og storleik, men også i plassering. Det er færre tufter på Øvre Spe, men dei er til gjengjeld større. Dei er plassert på ei lita avgrensa flate med skrint jordsmonn og store bergknabbar som stikk opp, truleg for at tuftene ikkje skulle ta opp god

beitjord. Områda vert tolka som eldre stølsanlegg, truleg i kombinasjon med andre utmarksaktivitetar.⁵¹

43 GRØSSEMYRANE

I Grøssetemyrane er det kartlagt 13 tufter og 2 kolgroper. To av tuftene er datert til merovingartid, og det er sannsynleg at dei andre tuftene er frå same periode. Truleg er det ei sesongsbasert busetjing; stølsdrift i kombinasjon med andre utmarksaktivitetar som jakt, fiske og produksjon av tekstil. Ein kan likevel ikkje utelukka at det er restar etter ein øydegard. Det som er interessant er at tuftene ligg lågare enn dagens støl.⁵²

44 HELGASETE

På stølen Helgasete er det gjort 22 funn av automatisk freda kulturminne. Av desse er det seks tufter, 15 kolgroper og ei rydningsrøys. Det vart teke ein prøve for datering, og tufta viste seg å vera frå vikingtid.

Dei registrerte kulturminna inngår som del av ein førhistorisk stølsvoll. Stølane fungerte som ein base for innsamling og foredling av utmarksprodukt. Det kan vera frå beitande dyr, pastoralisme, jakt, fangst, sanking osv. Kolgropene og brenning av trekol er ein annan verksemd knytt til dei førhistoriske stølane. Trekolet vart enten nytta på stølen eller nede på gardane i samband med smedarbeid. Trekolbrenninga kan og i nokre høve ha vore direkte knytt til jarnutvinning.⁵³

45 STEINSETE

Registreringsundersøkinga omfattar ti tufter og fem groper på Steinsete. Datering visar på eit tidsspenn på nærmare 600 år, frå folkevandringstid til vikingtid og overgangen til tidleg middelalder. Overlapping kan tyda på ei samanhengande utnytting av området i denne tidsperioden, men at det har vore sesongsmessig utnytting av fjellet. Naturleg teori er at det dreiar seg om stølsdrift i kombinasjon med anna utmarksaktivitetar. Det er kolgroper i tilknytning til tuftene.⁵⁴

KRAFTLINJETRASE FARDAL – ØRSKOG

I samband med ny kraftlinjetrase mellom Fardal og Ørskog er det gjort arkeologiske registreringar. I Kulturhistorisk publikasjon nr. 3, 2010 del I er det gjort følgjande oppsummerande kommentarar for Sogndal:

Registreringa i Sogndal påviste totalt 80 strukturar fordelt på 25 lokalitetar. Alle fornminna har det til felles at dei er utmarkskulturminne, kulturminne knytt til bruk av utmarka i fortida. Grupperer ein strukturane i funnkategoriar så får ein totalt 30 tufter, 3 strukturar særskilt knytt til jernvinneanlegg, 3 rydningsrøysar, 3 tjøremiler, 20 kolgroper, 11 kokegroper 4 groper med ukjend funksjon, 2 skålgropefelt, 2 fangstanlegg og 2 steingjerder.

At tuftene og gropene er dei dominerande funnkategoriane, syner ei ekstensiv utnytting av utmarka frå og med eldre jernalder og opp i moderne tid. Det er nærliggjande å tru at funnkategoriar som tufter, jernvinneanlegg, groper og fangstanlegg er ein del av same

økonomi – ein økonomi som baserer overskotet sitt på utmarksprodukt som fiske, fangst, sanking, pastoralisme og jernvinne.

NYARE STØLAR OG SMÅBRUK

I 1994 vart det laga ein kommunedelplan for utmark for det som var Sogndal kommune den gong. Det vart registrert 157 stølar og 25 plassar og bruk. I planen er det trekt fram sju stølar og fire plassar/bruk som hadde bygningsmasse og kulturlandskap som var særskild verdifulle for kultur og friluftsliv. Desse var med følgjande grunngjeving:

STØLAR:

46 Anestølen: *Landskapet ved fellesstølen er det einaste i Sogndal med beiting av geit, og i tillegg sau og storfe. Dette har mykje å seie for kulturlandskapet. Også bygningsmiljøet er teke vare på, men det er komne nokre nye bygningar i tilknytning til moderne mjølkeproduksjon på stølen.*

Anestølen er framleis i aktiv drift, og i ein periode dreiv dei aktivt inn mot turisme. Denne aktiviteten har minka, men det er framleis mange som vitjar staden på sommaren. Området kring Anestølen er interessant både i eit kulturhistorisk perspektiv og eit naturfagleg perspektiv. Den er med i utval av kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogndal kommune, og område i nærleiken er registrert i Kvartærgeologiske førekomstar i Sogn og Fjordane. Høgskulen i Sogn og Fjordane har også brukt området i mange geologiske undersøkingar, m.a. er det teke prøver i Anestølsvatnet som går langt attende i tid. Ved å slå saman forskning frå dei ulike faggruppene vil ein kunne få eit særskild godt bilete over området.

47 Drevdal: *Stølen Drevdal har eit bygningsmiljø og eit landskap som til no har vore bevart. I dei seinare åra har bygningane forfalle mykje, her må noko gjerast raskt om ein skal kunne ta vare på miljøet. Ein bygning er under restaurering. Det vart slutt på slått av stølsbøen for ca 15. år sidan, no vert den beita av storfe og sau.*

To av bygningane er sidan den tid restaurerte, og området er framleis å rekna som eit relativt intakt bygningsmiljø. Drevdalen er også med i utvalde kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogndal kommune. Tilstanden på kulturlandskapet er ukjent. Stølen er framleis vurdert som eit område å ta spesielt vare på.

48 Turrli: *Stølen har eit bygningsmiljø som er nesten heilt intakt. Stølshusa har vorte restaurerte med ulike slag bygningsmateriale. Landskapet er i ferd med å gro att.*

Bygningsmassen er teke vare på og eitt av sela er restaurert i gamal stil med helletak. Denne restaureringa er det gjeve SMIL-midlar til. Det er i tillegg registrert ein stein med skålgroper. Desse er datert til bronsealder – jernalder.

49 Dal – Helgasete: *Heile dalen opp frå Barsnesfjorden og opp forbi Helgasete er eit samansett kulturlandskap med to stølsområde. Det er forsøkt å ta vare på bygningsmiljøet. Landskapet er i ferd med å gro att.*



Dal-Helgesete er eit område som er med i fleire rapportar: Registrering for biomangfald, Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogndal kommune og utmarksplanen. I tillegg er stølsområda ein del av eit større område som er peika ut til regionalt viktig kulturlandskap. I 2012 er det òg gjort arkeologiske registreringar på stølsområdet, les meir i førre avsnittet.

50 Vassløysa: *stølen har eit bygningsmiljø som er teke godt vare på. Landskapet er i ferd med å gro att, men spora etter kulturpåverknadene er godt synlege. Vassløysa vert beita av storfe og sau.*

Det er gjort fleire tiltak i dette stølsområdet sidan utmarksplanen vart utarbeidd. Fleire av tiltaka har motteke SMIL-midlar. Dei fleste bygningane er i god stand, om enn med eit litt hytteaktig preg. Eitt av sela er restaurert i gamal stil. Spesielt for Vassløysa er at dei fleste av bygningane står på rekkje og troni (vegen gjennom stølsområdet) er framleis tydeleg. Dei fleste fjøsa er vekke.

Stølsgjerdet rundt den gamle slåttemarka på oppsida av troni er mura opp. Det er ein låg steingard som tidlegare hadde ein risgard oppå. I samband med rydding av vegetasjon (først og fremst rydding av sprake og bjørk) er det laga risgard på deler av stølsgjerdet. Som

resultat av ryddinga har ein fått meir grasmark kring stølen. Området vert framleis beita av sau og kyr.

51 Øyestølen: *Stølen ligg i eit furuskogområde. Dei fleste bygningar er reparerte i tradisjonell stil. Ein ny bygning er sett opp på stølen. Beiting av storfe og sau.*

52 Bjørndal: *På denne stølen står nesten alle bygningane. Dei har halde på den tradisjonelle bygningsutforminga. Ei ny hytte er sett opp på stølen. Delar av stølsgjerda blir slått i dag, elles vert det beita. Stølsområdet vert og nytta i reiselivssamanheng av ein grunneigar i form av hytteutleige.*

Det er eit visst forfall på nokre bygningar. Ei hytte er rive for å bygga opp eit nytt. Denne vert i nyare stil. Det er i alt fire stølsgjerde i Bjørndal der alle er inngjerda av steingardar. Steingardane er delvis intakte, og fine kulturlandskapselement. To bøar vert framleis slegne. Dei andre vert beita. Det er bygd ein ulovleg veg gjennom det eine stølsgjerdet som har verknad både på utsjånad og bruk av dette beitet. Eit stykkje ovanfor stølsområdet er det funne spor etter ein eldre støl.

53 Hølsete: *Stølen høyrer til bruka på Åberge, og ligg i eit heilskapleg kulturlandskapsområde som strekker seg frå gardstuna med dyrka jord og beite på Åberge og vidare oppover i utmarka. Bygningane er delvis vedlikehaldne i tradisjonell stil. Nokre av stølsgjerda vert drivne på tradisjonelt vis med hausting av gras. Området er sentrumsnært som tur- og rekreasjonsområde.*

Omtalen frå 1994 stemmer også for dagens situasjon. Det er dessutan registrert eit skålgropsfelt datert til bronsealder – jernalder. I likskap med Bjørndalen er det funne tufter etter eit eldre stølsområde over dagens støl. Les meir i førre avsnitt.

HUSMANNSPlassar OG SMÅBRUK:

54 Øvste Haukåsen: *Eit gammalt gardsbruk med eit godt samansett bygningsmiljø og kulturlandskap. Innmarka er urterik kulturmark og vert slegen.*

Øvre Haukåsen er også omtala i Kulturlandskap og kulturmarkstyper i Sogndal kommune. Bygningsmiljø og naturbeitemarker er greie. Når dert gjeld engene skal det setjast i gang skjøtselstiltak frå sommaren av.

55 Rud: *Rud har eit godt samansett bygningsmiljø. Innmarka vert beita. Elles er det restar etter det gamle kulturlandskapet, men det gror att med skog.*

Det er i gang eit større prosjekt for å stella kulturlandskapet. Bøen vert slege med ljå kvart år og brukt til hjortebeite. Rusviki har fått midlar til å hogst/rydding i slåtte og beitemarkene. Alle bygningane er i dag restaurert unnateke låven.

56 Tingastad: *Bygningsmiljøet på Tingastad er framleis intakt. I tillegg til gardshusa og bryggeområdet står det ei verneverdig sag ved utløpet av Klaraelva. Saga er eigd av De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum. Landskapet er i ferd med å gro att, men ikkje verre enn at det kan verte restaurert.*

Miljøet er framleis nokså intakt. Husa treng vedlikehald, men hagen vert slegen og det er ein potetåker. Kaia er vekke, ho vart truleg teke av stormen Dagmar då ho herja i fylket.

57 Melås: *Fjellgarden Melås er no i forfall. Enno står tre av dei opphavleg fem bygningane i tunet på Melås. Landskapet gror att med skog, denne tilstanden er langt framskriden. For berre få år sidan hadde denne garden eit samansett bygningsmiljø og kulturlandskap. Her bør det settast inn tiltak raskt om ein vil bevare dette kulturlandskapet for ettertida.*

Det budde folk på garden fram til midten av 70-åra, men etter den tid er det mykje som er i forfall. Garden hadde stor bygningsmasse då den var i drift. Løer var plassert fleire stader m.a. to litt før du kjem opp til tunet. Den rett ved stien står framleis, men taket er rast ned. Det var også ei løe på det som vert kalla løengi. På stølen var fjøs og høyløe. På utsida av grovi låg ein turk. På sjølve tunet er bustadhuset restaurert, men er vorte større og fått veranda. Dei andre bygningane er i dårleg stand. Nedanfor bustadhuset står ein bygning der ein oppbevarte høyr og lauv. I den eine enden har taket rasa ned. Smia står. Tidlegare sto ytterligare to bygningar i tunet. Vinkelrett mot bustadhuset stod ein bygning der ein hadde kyr i kjellaren og resten av bygningen var brukt til reiskap. I ein vinkel til bygningen var eit stabbur. Ovanfor bustadhuset var ein bygning med fleire funksjonar. I kjellaren var kyrfjøs i vest og grisebingen i aust. I første etasjen var sauefjøs lengst vest, høyr i midten og stallen i aust. Kulturlandskapet er framleis nokså ope, men er dominert av brennenote og anna krattvegetasjon.

Endringane er som vist store, og ein må vurdere om Melås skal vera prioritert område. Det som talar for, er staden i seg sjølv. Garden ligg vel 500 moh og det er få høgdegardar i Sogndal kommune. Han har vore synleg på langt hald der han ligg oppe i lia. Lik mange eldre gardar har bustadhuset gavlen ned mot fjorden. Ved å vitja plassen får ein kjensla av livet til ein veglaus gard, og det er framleis mange spor etter kulturlandskapselement. I tillegg til ulike bygningar er det steingardar, raukstø, oppmurte vegar/stiar, løypestrenger etc. Slåtteteigane er framleis nokså opne og på andre sida av grovi låg åkrane der ein framleis ser tydeleg spor etter drifta. Oppe i Melåslia ber mange bjørker spor av at ein har teke never m.m.

KOMMENTARAR TIL UTMARKSPLANEN

Kulturminneplanen har teke utgangspunkt i dei utvalde stølane og plassar/småbruk som den gongen var vurdert som viktigast, og det er ikkje gjort ein ny vurdering om det er andre stølar og småbruk som burde vera representerte. Sogndal kommune vil vurdere om det burde vera ein revisjonen av planen.

Kjell Magne Hilleren har i etterkant komplettert utmarksplanen med fleire stølar og husmannsplassar, i alt 42 nye lokalitetar i tillegg til dei historiske stølane. Medan dei fleste stølane i planen er eksisterande stølar, finst helst berre tufter att frå dei i den kompletterande delen. Ein bør samla alt materialet i eit dokument. Dette dokumentet bør også inkludera Fjærland som ikkje var ein del av Sogndal kommune då førre utmarksplanen vart gjord. I denne delen av kommunen bør ein registrere alle stølar og vurdere dei mest aktuelle. Likeins bør ein sjå på plassar/småbruk. Fjærland har t.d. mange særeigne bygder langs Fjærlandsfjorden. Dei fleste har framleis ein bygningsmasse som det er teke vare på, men det er også plassar der det berre er tufter. Eit døme er Viki som vart fråflytta på 1850-talet. Her er husa vekke men det er framleis murar og gamle vegar. Utroleg nok var denne plassen den første i Fjærland som hadde vogn med hjul.⁵⁵

KULTURLANDSKAP

I 1989 vart det laga ein plan for kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogndal kommune, og i 1992 vart det laga ein tilsvarande plan for Balestrand kommune.⁵⁶ Eit viktig mål for planane var å få fram heilskapen i kulturlandskapet der m.a. fornminne, bygningar, tekniske anlegg og kulturpåverka vegetasjon utdjupar og forsterkar kvarandre. Følgjande 24 område vart valde ut med desse merknadene:

58 Vestreim

Vestreim er ein større gard med eit heilskapleg kulturlandskap. På tunet er det seks bygningar. Markene kring tunet har eit roleg bølgljande preg med innslag av bakkemurar, steingardar, allear, bekkedrag, styvingstre og hagemark. Av hagemark er det spesielt ein bjørkehage som utmerker seg. Alle trea ber spor etter lauving.

59 Uglum

Gardstunet har fem bygningar plassert i ei rekke. Garden er steinete, og mykje arbeid er har vore lagt ned i muring av vegar, opplegging av rydningsrøyser, bakkemurar og steingardar. I tillegg er det innslag av utløer og styvingstre på knausar og langs grenseliner. Styvingsfelt er hovudsakleg av alm og ask. Det er ein frukthage like nedom husa.

60 Øvre – Haukås

Den gamle husmannsplassen har eit interessant bygningsmiljø. Tunet er bygt opp av åtte gamle bygningar og vert omkransa av urterik slåtteeng.

61 Holm

Holm er ein husmannsplass med tilknytning til fjorden. Av husa står berre grunnmurane att. Plassen ligg på eit lite nes med storvakse furu. Her er rydningsrøyser og oppmurte veganlegg

som bind i hop små engparti. Det finst òg innslag av styvingstre og strandområde med saltsivstrandenger.

62 Dal/ Helgasete

Stølsvegen frå Barsnes går langs fjorden som ein oppmurt grusveg. I sidene over vegen ligg slåttenger på rekke og rad. Stølsvegen snor seg som sti opp lia forbi enger, utløer, styvingstre og steingardar. Dal, den første stølen ein kjem til, er heimestølen med mange stølshus, tekniske anlegg, enger, einerbakke og styvingstre. Øvst i lia ligg fjellstølen Helgasete representert med om lag dei same elementa som på Dal. (les også omtale av området under kapittelet om utmark).

63 Drevdal

Drevdal er eit stølsområde der bygningsmiljøet er samansett av sel og fjøsbygningar. I tilknytning til stølsbyggingane er det ei stor slåtteeng. Slåtteeenga er inngjerda av steingard, og ei høyløe står sentralt inne på enga. (les også omtale av området under kapittelet om utmark).

64 Vetlestølen

Området omfattar ein godt vedlikehalden heimestøl med stølshus, steingardar, geil, styvingstre, slåtteeng og store parti med søyleeiner. Dette området ligg midt i ei dalside som totalt sett har stor førekomst av søyleeiner. I tillegg til godt bevarte einerbakkar er her mange innslag av urterike enger. Det er fleire utløer i området, og tilgang på god murstein har resultert i mange steinhus og solide murar og gardar.

65 Anestølen



Anestølen er ein fellesstøl der vegetasjonen vert prega av beiting av stor- og småfe, spesielt geit. Det er eit viktig referanseområde for beitepåverka fjellvegetasjon. Omkring Anestølen er myr og eng fri for buskoppslag, og fjellbjørkeskogen har nærast parkpreg. (les også omtale av området under kapittelet om utmark).

66 Røvhaugane

Området er kupert og står fram som ein mosaikk av styvingstre av hengebjørk og reine einerbestandar. I og omkring hagemarka finn ein tørre og fuktige slåtteeenger, utløer, steingardar og rydningsrøyser. Ein gamal jordveg snor seg gjennom området og er stadvis utforma som buveg.

67 Hjellsmyri

Området ber preg av stort mangfald med opne bjørkehagar, parti med reine einerbestandar og styvingsli av ask. Styva asketre står også spreidd i bjørkehagen. Tekniske anlegg som steingardar finst i grenselinene. Ein ny gardsveg går gjennom området.

68 Stenehjem

Lysopen bjørkehage i tilknytning til innmarksareal. Dei fleste bjørkene har spor etter lauving, men hagen har likevel få gamle bjørketre. Mellom bjørkene står ein del småvaksen einer. Ved bjørkehagen finst også velutvikla einerbakkar på tørrberg. Her finst òg små urterike enger og hasselkratt. Tekniske anlegg som steingardar, bakkemurar og eit gamalt veganlegg finst i hagemarka. Ei eldre utløe ligg ved dei gamle engene.

69 Flugheim

På Flugheim finn ein hagemark med rein einerbakke, hasselhage, bjørkehage og overgangsformer mellom desse. I tillegg er her innslag av tekniske anlegg som steingardar og ein stadvis oppmurt veg. Fleire spreidde utløer finst i hagemarka.

70 Slinde

Bjørkehagen på Slinde er lysopen og dominert av bjørketre. Alle bjørkene har spor etter lauving. Hagen vert nytta som beite, og har hovudsakleg eit grasdominert feltsjikt. Ein traktorveg går gjennom området.

71 Krosskleivane

Einerbakken dekker eit stort areal, og består hovudsakleg av einer i storleiken 6-7m. Også yngre einer inngår. Einerane står stadvis svært tett. Ein oppmurt veg leier gjennom einerbakken til stølen i øvre del av området. Kring stølshuset finn ein steingardar, rydningsrøyser og ein solid grunnmur under selet. Ein ny skogveg leier gjennom området, og reduserer verdien noko.

72 Nornes

Tette einersamlingar på hagemark. Einerbakkane kan grupperast i fleire typar. Her finst og parti med element av bjørkehage. Vegetasjonen har innslag av fjell- kyst-, kultur- og

skogsartar og er dominert av nøysame plantesamfunn. (les meir om området under Bautasteiner og Norane)

73 Heimdal

Delar av innmarka til denne garden har sin særeigen struktur. Dei brattaste partia er bygt opp som terrassar og på ulike nivå står spreidde styvingstre og ei utløe. I øvre parti finn ein urterik engvegetasjon. På tilgrensande område på grovsteina ur står òg spreidde styvingstre.

74 Lauvhaug

Slåtteeng med variert artsrikdom og høgt innhald av fargerike urter.

75 Søyane

Våtmarksenga på Selseng er del av tangen som strekk seg ut i nordre Dalavatnet. Frå det tørraste mot det våtaste går ei tydeleg sonering der kvar sone er dominert av få artar, men med stor tettleik av kvar art. Starrartar har størst utbreiing.

76 England

Ved England er ein kulturpåverka almeskog. Trass i at det er alm som dominerer, førekjem også andre tre. Nedst i området står tett gråorskog, og denne skyt opp fleire stadar. Almelia har langt over 100 styvingstre, alle med tydeleg spor etter rising. I feltsjiktet dominerer nitrofile artar.

77 Raudboti

Garden Raudboti har eit heilskapleg kulturlandskap som på mange måtar representerer den typiske strukturen på fjordgardane i Fjærland. Her finst både urterike slåtteenger, mange styvingstre og eit variert bygningsmiljø med både fjøs, stabbur, to våningshus og fleire naust. Det er også rydningsrøys og ulike steinkonstruksjonar på eigedomen.

78 Distad

Beitemarka på Distad ligg på ein kjegleforma rasvifte med mest årvisse skred. Det står ein god del einer, enten spreidde eller i små samlingar.

79 Mundalsdalen

Heimestølen har vore allsidig brukt opp gjennom tida. Den tradisjonelle stølsdrifta tok slutt i 1963. Inne på sjølve stølsvollen står der nokre almar som ber preg av tidlegare lauvsink. Kulturskogen nord for stølen er bygd opp av almar med preg av tidlegare bruk. Almeris henta frå skogteigen vart nytta til fôr for kyr og sau. Risinga av alm tok slutt like etter siste verdskrig.



80 Bøyadalen

Fjellstølen i Bøyadalen ligg i eit område merkt av ung kvartærgeologisk aktivitet. Morena frå 1750 er avsett på nordsida av Fjellstølen. Her ifrå og ned mot elva ligg

ein steinmur oppført i samband med ryddinga av området.

Tradisjonell stølsdrift vart drive på stølen fram til om lag 1965-70. Stølshusa ligg i ei tett klynge like ved riksvegen med køyreveg heilt fram. Bjørkeskogen sør-aust for stølen vart siste gong nytta til lauving kring 1940. Sidan har den einaste aktiviteten i bjørkehagen vore beiting. Bjørkehagen er lokalisert på skredvifter. Vest for elva og riksvegen, ligg fellesbeitet for gardane på Bøyum.

81 Supphelledalen

Området har til alle tider vore brukt til beite. Beitemarka ligg i eit brenært område, eit spesielt landskap med randemoreneryggar. Mellom desse er det spor etter gamle elve- og bekkeløp.

KOMMENTARAR TIL PLAN FOR KULTURLANDSKAP OG KULTURMARKSTYPAR

Det er nærmare 25 år sidan dei utvalde områda vart registrerte, og ettersom vi her talar om levande materiale som er i stadig endring, vil kommunen sjå nærare på om planen skal reviderast. I kulturminneplanen er alle områda omtala, men det er ikkje alle område som vi veit stoda på. Det gjeld fleire av lokalitetane i Fjærland, Uglum, Hjellsmynri og Krosskleivane. Haustings-skogen i England er i forfall og attgrodd. Resterande lokalitetar er, utan å ha gjort ei grundig registrering, vurdert å framleis ha verdi. Slåttemarka på Lauvhaug er med i utvalde naturtypar for slåttemark og får midlar frå fylkesmannen. Raudboti har fleire år fått SMIL-midlar til å skjotte garden på gamlemåten. Flugheim, Stenehem, Heimdal og Mundalsdalen har også fått midlar til sine område, men for nokre er det mange år sidan.

Planane har teke omsyn til ein heilskap. Det er også mogleg å sjå på kulturminne separat. Det er spor etter tidlegare bruk mange stader. Til dømes har liene ved Nornes og Slinde i stor grad vore brukt til slåttemark. Ved Norane er t.d. ein gamal sledeveg brukt til turområde. Langs denne finst løer (både intakte og rester i form av murar), løypestrengar, spor etter lauvrauk m.m.

GEOLOGISKE KULTURMINNE

82 BØYADALEN⁵⁷

Bøyadalen med breen og moreneryggen nedanfor er ein stor turistattraksjon. Bøyabreen si tilbakesmeltingshistorie er ei av dei best registrerte, med fotomateriale sidan 1868. Det er difor av stor naturhistorisk interesse å ta vare på den preboreale moreneryggane⁵⁸ (ligg like nedanfor Bøyastølen) og opp til breen. Der



Figur 3: Bøyabreen slutten på 1800-talet

elva Jakobbakka kryssar vegen ligg det seks moreneryggar, 2-3m høge. Vidare innover mot Brevasshytta er det ca. ti moreneryggar, som regel med breelv materiale imellom. Av dei seks førstnemnde, kan den som ligg nærast Bøyastølen følgjast omtrent samanhengande. Brevasshytta ligg på ein 5m høg morenerygg. Denne har 2-3cm kartlav og er frå 1930.

I tillegg til moreneryggane er det i Bøyadalen mange gode døme på snøskredvifter som ofte er eroderte oppe i rotområdet. Søraust for Breavatnet er opptil 300m høge lausmasseskråningar med ei rekkje godt utvikla ravinar.

I området er det også gått fjellskred. Eit skred som er registrert ligg sørvest for Skeistølen. Skredet er 200m breitt, har fallhøgde på 200m og utløpslengde på 500m. Det er store blokker i skredtung, høge fjellskredryggar opp mot nake fjellparti og i nedre del av skredtung er det ei flate som kan tyda på at skredet gjekk like etter isavsmeltinga.⁵⁹

83 SUPHELLEDALEN⁶⁰



Supphellebreen ligg med ein samanhengande arm ned eit stykkje over fjellet, derifrå kalvar bretunga slik at det dannar seg ein ny bre ned mot dalbotnen, såkalla regenerert bre. Dette er så langt ein kjenner den einaste regenererte breen som også var isolert bretunge i 1750. Tilbakesmeltinga etter 1750 er godt dokumentert. Området har difor geologihistorisk verdi, og det er ein stor turistattraksjon.

Nedanfor den regenererte breen ligg mange moreneryggar som viser kvar brefronten har lege til ulike tider. Den eldste, 1750-morenen, ligg eit par hundre meter innafor dyrka markene på Supphella. Nedanfor denne er det ei blokkrik slette (sandur). Innafor det opne beiteområdet på Heimastølen ligg ein svært blokkrik morenerygg frå ca. 1800. Moreneryggane og sanduren opp til breen bør takast vare på.

84 ANESTØLEN⁶¹

Der Frudalen og Sogndalsdalen møtest, vart det under isavsmeltinga avsett store randmorener, m.a. den 2-300m breia endemorena som demmer Anestølsvatnet. Denne var avsett framfor ei bretunge i hovuddalen.

Aust for Nysete er ein 300m lang sidemorene som er avsett frå «Frudalsbreen». Frå Frudalsvollen på nordsida går ein markert, 400m lang, midtmorenerygg opp dalsida mot NV til omlag 700moh.

Frå isavsmeltinga og fram til i dag har overflata til Anestølsvatnet vorte senka 18m av elveerosjon i morenedemninga. Opp til dette nivået finn ein difor fleire stader langs vatnet sortert, sandhaldig materiale som vart avsett før vassnivået sokk. Desse sedimenta er no for ein stor del overdekt av skredmateriale.

Nedanfor endemorenen i nordenden av Dalavatnet, har elva bygd ut eit fleire hundre meter langt delta. Overflata er dekt av myr.

Høgskulen har jobba mykje i området kring Anestølen og det er gjort fleire registreringar, m.a. har ein teke kjerneprøver i Anestølsvatnet der ein har datert ulike hendingar og det er laga gropegrøfter på land.

85 TVERRDALEN⁶²

Ved Anestølen går Tverrdalen inn som ein bratt sidedal til Sogndalsdalen. Nedre Tverrdalsvatnet er oppdemt av ein svært spiss og markert endemorene. Morenen markerar truleg stans i breen sin tilbakesmelting for vel 9000 år sidan. Mellom Nedre- og Øvre Tverrdalsvatnet ligg fleire parallelle sidemorenar. Det kan i alt skiljast ut seks parallelle ryggar. To av desse ser ut til å kunna følgjast ned til endemorena.

Endemorena ved Nedre Tverrdalsvatne er den mest markerte og spisse moreneryggen i Sogndalsområdet, og det er elles svært sjeldan å finna så godt utvikla moreneryggar frå isavsmeltingstida. Sidemorenane er også gode døme. Ein kan her rekonstruera fleire trinn i isavsmeltingshistoria. Området har lokal verdi.

86 SKJELDESTAD⁶³



I munningen av Sogndalsdalen ligg mange og store breelv- og elveterrasser i ulike nivå. Sogndal sentrum ligg på den lågaste. Stedje kyrkje og kyrkjegarden ligg på ein terrasse, Fosshaugane Campus på ein annan, men Skjeldestadterrassen er den største. Den skrår svakt ut i dalen. Inst inne når den opp til 135 moh. Marin grense ligg ein stad mellom 130 og 135 moh.

Det er i dag fleire grustak i drift i Skjeldestadavsetninga. Av historiske omsyn og pedagogiske grunnar bør grusdrift og andre fysiske inngrep verta avgrensa slik at mest mogeleg av terrassane og storforma kan behalda si opphavlege form.

Skråninga til terrassen er prega av eit ravinelandskap som gjev bygda ein karakteristisk utsjånad. Desse bør også takast omsyn til. Ut ifrå eit pedagogisk ståsted er ravinen opp Sandbakken viktigast.

87 ÅRØY⁶⁴

Dette er ein markert smeltevassrygg i inste enden av Sogndalsfjorden. Ryggen er oppbygd til 50 moh., altså langt under marin grense som her er på 120moh. Avsetninga har bratte skråningar på begge sider. På randåsen er det bygt fleire hus og på den austlege sida ein veg. Det vert også teke ut litt massar. Det er ønskjeleg at det ikkje vert teke ut så mykje massar at overflateforma på randåsen vert endra.

88 STØLAHOLMEN

Ved Stølaholmen har eit eldre fjellskred – 9700 år gamal – gjeve eit særprega landskap. Skreda danna markerte rygger og kjegler på den elles flate deltasletta. Den nordlegaste av ryggane har ei høgde på 44 m, medan høgste kjegla er 30m. Den særmerkete kjegleforma kjem truleg av kontakt med is som seinare har smelta.⁶⁵

89 JETTGRYTER SKARESTAD

Jettegryter sylinderforma fordjupingar med glattslipte veggar i fast fjell. Ujamnskapar i elveløp gjer at det oppstår straumvirvlar i elva. Stein og grus som vert drege inn i straumvirvelen, vert malt rundt og rundt og på den måten borer seg ned i berget.⁶⁶ Ved Skarestad i Fjærland finst det nokre jettegryter som ein bør ta vare på. Bremuseet bruker jettegrytene i formidlinga si.

90 MARIN GRENSE SUPPHELLEDALEN

Marin grense er nemning for det høgaste nivået havet hadde på ein stad etter at innlandsisen smelta. Den best bevarte marine grensa i Fjærland ligg inne i Suppelledalen.

91 STEDJE, FORVITRING

Ulike forvittringsprosessar tærer stadig på fjellet si overflate. Ved Stedje er det døme på fin forvittringsprosess i feltspat, dvs. fast fjell. Denne vert brukt i undervising til høgskulen.

92 HAGALANDET

Når breisen glir over landskapet, vil steinar og store steinblokker med veldig kraft verta pressa ned og lage skuringsstriper på fjellgrunnen.⁶⁷ Skuringsstripene kan såleis fortelja oss korleis isen har bevea seg. Skuringsstriper kan førekome mange stadar, men dei er tydelegast der forvittringsprosessen har vore liten. Av oimsyn til høgskulen hadde det vore ønskjeleg å ta vare på nokre skuringsstriper i nærleiken av Sogndal, og det er sett av eit område ved Hagalandet.

SOGNDAL



Sogndal har for tida stor byggjeaktivitet, og det er viktig at ein ved ei slik utbygging held fast ved identiteten til bygda og utviklar denne vidare. Vi bør kunna lesa historia til bygda. Sogndal kommune har i reguleringsplanar teke omsyn til nokre kulturminne, men det hadde vore nyttig med ein gjennomgang av heile staden samla der vi ser på gamle og ikkje minst nye kulturminne under eitt. Bygdeverkstaden har i samband med revisjon av arealplanen gjort eit godt arbeid med å sjå på framveksten av det moderne Sogndal, og først og fremst Fjøra. Dette vil kommunen byggja vidare på og i større grad inkludera kulturminne. Kva er det som gjev Sogndal sitt særpreg? Kva må vi ta vare på? Vi vil også vurdere korleis ein kan synleggjera kulturminna og skape interesse for dei. I kapittelet under er det peika på nokre trekk ved Sogndal.

GEOLOGISKE VERDIAR

Isen har i si tid satt sine spor. Ved Sogndal er det tydlegaste sporet ved Nes-Loftesnes der isen har laga ein terskel som er godt synleg i dei to nesa. Marine terrassar vart sette av i sjøvatnet då isen trekte seg attende. Vassnivåa i fjorden har til tider vore høgare enn i dag, og vi finn terrassar i ulike høgde. Desse har laga flate område i eit elles nok så vertikalt landskap. Det er tre tydelige terrassar i Sogndal; den som kyrkja ligg på, den som Fosshaugane Campus ligg på og Flatane ved Skjeldestad. Den siste viser til den høgaste marine grensa i Sogndal. Garden Kvåle ligg på motsvarande terrasse som Skjeldestad, men er ved første blikk ikkje like synleg. Ved Skjeldestad er det også mange fine ravinar. I formidlingssamanheng er ravinen opp Sandbakken viktig. På Stedjesida har ein greidd å byggja på terrassane utan at ein har øydelagt forståinga av den historiske hendinga. På Leitesida er slike spor svakare, men det finst spor ved Rutlin.

SOGNDAL FRÅ GAMALT AV

Plasseringa til Sogndal har vore gunstig, og menneskja slo seg tidleg ned her. Arkeologiske utgravingar kan vise til rik og svært spanande historie. I samband med utbygging er det gjort

fleire utgravingar og registreringar, men det er kanskje tre som skil seg ut i omfang; på Stedje, Rutlin og Kvåle.

På Stedje vart det gjort utgravingar i tidleg 1990-åra som synte spor frå slutten av steinalderen. Det var også gjort funn av trebygde stolpehus frå yngre jernalder, noko som aldri tidlegare hadde vorte funne på Vestlandet. Funn av både langhus og grophus gjev inntrykk av ein storgard.⁶⁸ I skriftlege kjelder er garden første gongen nemnd i Sturlungasaga frå 1200-talet. Fleire gonger har garden vore sentral i administrative samanheng og på 1500-talet kom garden under kongen og tente som ein slags embetsgard for futar.⁶⁹

På Rutlin var det gjort utgravingar på 1990-talet. Her er det påvist busetnad attende til yngre steinalder, men skal vi tru namnetydinga (lin=) er Rutlin skilt ut frå ein annan gard. Også i nyare tid har Rutlin vore ein storgard. På 1600-talet var Rutlin tidvis ein futegard og seinare bustad for prest og presteenkje. Rundt 1730 vart Rutlin delt og gjekk over i bondeige.⁷⁰

På Kvåle har det vore fleire utgravingar. I 2007 var det gjort ein større utgraving i samband med utbygging på Kvåle-Gurvinfeltet. Det vart gjort mange funn, m.a. over 1200 stolpehol. Funna kan tyde på ein samanhengande tunstruktur frå eldre bronsealder til middelalderen.⁷¹ I samband med planforslag om vegutbygging med gang- og sykkelsti over Kvåle var det i 2012 gjort registreringar i området rundt dagens tun. På tre lokalitetsflater var det funne restar etter førhistorisk gardsbusetnad og jordbruksaktivitet; funnrestar etter fleire bygningar, ei mogleg flatmarksgrav, kokegroper, stolpehol og produksjonsstad for tjørebrenning og jarntilverking. Det er òg registrert restar etter førhistorisk dyrking. I forhold til dateringar er det truleg at det er restar etter eit viking- og mellomaldertun. Eit tjørebrenningsområde vart datert til eldre jernalder.⁷² Kvåle er også kjent gjennom andre arkeologiske funn. De er mellom anna fleire gravminne frå jernalderen. Både storleik og gravfunn vitnar om at dei gravlagde hadde høg sosial og økonomisk status.⁷³ At det var kyrkje på garden styrkar teorien om ein storgard også i mellomalderen. På 1200-talet var det ein lendsmannssete og på 1300-talet var Kvåle ein av dei gardane i landet som betalte mest skatt.⁷⁴ På 1300-talet er det sagt at det var eit baroni på Kvåle, og at garden hadde eigne skip/handelsbåtar som gjekk til Island.⁷⁵ Adelsgodset Kvåle kan sporast attende til Hans Sigurdsson som var godseigar i landet på 1400-talet. Ut ifrå Skattematrikkelen frå 1647 kan det sjå ut som Kvåle den gong var 6,5 gonger større enn gjennomsnittsgarden i Sogndal.⁷⁶

Utgravingane gjev døme på tre storgardar, men i folkevandringstida var også Flugheim, Åberge og Nes busette gardar.⁷⁷ I vikingtida var i tillegg Bjelde, Ål, Foss og Hove busette gardar.⁷⁸ Arkeologar har vore inne på at Nes kan ha vore eit høvdingsete i eldre vikingtid.⁷⁹ I Middalen har vi gardar som Eggja med lang historie. Det var her ein fann den historiske runesteinen, Eggjasteinen, frå 600-talet e.Kr. Det er gjort gravfunn frå tida 500-800 e.Kr. Plassering av ei kyrkje på garden vitnar også om ein velståande gard.⁸⁰ Med andre ord har

større delar av Sogndal og området rundt vore busett tidleg, og det vil vera mogleg å finna nye funn ved utbyggingar.

DET MODERNE SOGNDAL

Ser vi på utviklinga av det moderne Sogndal kan vi sjå på korleis bygda såg ut tidleg på 1800-talet. Karakteristisk er den tette strandsitjarplassen i Fjóra med dei store gardane ikring. For gardane var det viktig å ha tilgang til fjorden for å kunna landa med båtar og jekter som kunne frakta varer. Nær stranda var det difor ein allmenning som var til ålmenn bruk og ferdsle. Det var truleg på denne allmenningen opphavet til strandsitjarmiljøet vart til. Strandsitjarane høyrde til dei fattigare som leigde seg ei lita stove og kanskje ein jordfleck og livberga seg ved å arbeida for andre, ved å fiska litt eller liknande. Akkurat når Fjóra først vert busett er uklart, men ein reknar med at det er i tida frå slutten av 1600-talet og frametter at Fjóra utvikla seg til ein tettstad.⁸¹

Fram gjennom 1800-talet skifta samfunnet i Fjóra karakter frå bygdeslum til bygdesenter. Det vart ein spesialisering i samfunnet. Det vart fleire spesialiserte handverkarar og handelen auka. Folketalet i Fjóra voks meir enn i bygda elles. År 1900 budde det 500 personar i Fjóra.⁸²

På 1900-talet tok handel og anna tenesteyting endå meir over. Særleg store har endringane i tida frå midt på 1950-talet og framover vore. Gravensteinsgata vart bygd i 1954 og var starten på brotet med det som var før. Dette ser vi mellom anna då Domus vart bygd i 1969 og gjorde Gravensteinsgata til den nye sentrumsgata. I sentrum har betongbygningar og asfalt fått større innpass. I dag er det området kring Elvebakken og Nedstefjóra som har att noko av den gamle tida. Her er framleis tett trehusbusetnad og smale goter og geiler.

Utbyggingsmønsteret elles er at jordbruksareala til dei sentrumsnære gardane litt etter litt er vorte nedbygde. Det har vore frådeling av tomter frå dei store gardane frå midten av 1800-talet, men dei store utbygningsområda har vore på 1900-talet og framover. I grove trekk var det ei utbygging kring Plassen på 50-talet. Nokre av bygningane, dei mellom Plassen og Sogningen, er regulert til «omsynssone – bevaring bustadar». Kommunen vil vurdera om heile kvartalet ved Plassen skal regulerast med omsynssone – bevaring av kulturmiljø gjennom arbeid med områdereguleringsplanar. Andre bygg som vart bygd ved dette tidspunktet var Trudvang, kommunehuset, slakterihuset i Øyane, og Loftesnesbrua som stod ferdig i 1958.

I 1960-70 åra var det ein byggjebom i Sogndal. Storparten av Leitesida vart utbygd då. Dei neste tiåra var det Kvåle saman med Kjørnes, Rutlin og Stedje dei viktigaste områda for plassering av nye bustadar i Sogndal. Fram mot 1990 var det primært einebustadar som vart bygd, men mangelen på sentrumsnære bustadareal førte til ein politikk om å fortetta bustadmassen med rekkjehus/kjeda einebustadar på Stedjesida. I vedtaket om reguleringsplan for Ulvahaugen 2005 byrja ein på alvor tenkje tenkje mindre bueiningar og

leiligheitshus/ blokkbygg. Det er tidlegare bygt nokre einskilte leiligheitskompleks som til dømes terrassehusa i Hovsmarki, men med Ulvahaugen var tanken om fortetting og mindre bueiningar ein bevisst strategi i utviklinga av Sogndal som er etterfølgt på Kvåle-Gurvin og Sjøkanten. Frå tett trehusbusetnad har bygningane vorte større og høgare. Det gjeld både leiligheitskompleks, forretningsbygg og bygningar til allmennyttige føremål (Sogningen, Fosshaugane Campus med idrettsanlegg og skulebygg, forretningar på Grandane m.m.).

Skulestaden

Sogndal kommune har lang tradisjon som vertskommune for skular. Dei første låg utafor sjølve sentrum. I 1846 starta Nordre Bergenhus amt opp med landbruksskule på Vestreim, ein skule som var i drift fram til 1858.⁸³ Hausten 1870 opna den første ungdomsskulen i Sogn på Loftesnes. Sentrale fag i undervisninga var jordbruksfag. Når Jakob Sverdrup vart tilsett som lærar gjekk skulen over til å verta folkehøgskule. I 1872 skilte dei to skulane på Loftesnes lag. Storm flytta jordbruksskulen til Bjedla, men reiste i 1873 til Mo i Sunnfjord. Sverdrup tok i bruk Bahus som lokale. Frå 1875 har folkehøgskulen lege på Nes.⁸⁴ Før det var internat budde mange av elevene på hybel i Fjøra.

Hybelutleige har seinare vore vanleg til elever frå gymnas og realskule og til studentar. Sogndal var relativt tidleg med fleire skular. Realskulen var interkommunal, og Sogndal fekk tidleg gymnas. Sentrum for skule og utdanning var etter krigen på Trudvang. Her låg både realskule, gymnas og handelsskule. Bygningen der realskulen og gymnaset hadde sine lokale er no rivne og er erstatta av nyare bygg til dagens barneskule. Utdanningssentrumet er i dag flytta til Fosshaugane Campus med høgskule, vidaregåande skule, ungdomsskule og barneskule frå sjetten klasse.

FRUKTDYR KING

Mange assosierer Sogndal med fruktdyrking, og fleire av gardane i Sogndal har hatt store område med dyrking. Alt på 1300-talet er det spor etter fruktdyrking i Sogndal. Det første er frå skiftet på Kvåle i 1322, det andre i Bergen Kalvskinn frå 1350 der får vil opplyst at det vart dyrka eple på Nes.⁸⁵ I nyare tid har Stedje vore ein av dei store fruktdyrkarane. Stedje var tidleg nasjonalt kjend for sin frukthage, og i slutten av 1800-talet rekna som den største frukthagen i Skandinavia. På slutten av 1930-talet var nedre Stedje framleis den største fruktgarden i kommunen.⁸⁶ I dag er det Foss, Rutlin og Nes som har dei største fruktareala i sentrum, men det er også ein del område kring Kvåle, Lunnamyri, Stedje og på nordsida av elveosen i tillegg til mindre hagar. Framleis er altså frukttrea vanlege i sentrum og dannar viktige grøntområde, men med stort utbyggingspress er det fare for at dei vert redusert ytterlegare.

Sogndal kommune tok opp fruktdyrkingstradisjonen ved å la hovudgata gjennom tettstaden få namnet Gravenstein, og vi har teke vare på frukttrea i sentrumsparken. Det er òg planta frukttre langs Sogndalselva nedanfor Stedjemølle. I samband med revisjon av arealplan vart det oppretta ein bygdeverkstad som skulle sjå på eit «mogleighetsstudie for

sentrumsutvikling». Her har ein lagt ytterlegare vekt på særleg eple-tradisjonen ved å ha ein ny hovudakse for mjuke trafikkantar frå Fjøra til Fosshaugane Campus gjennom Fosshagen; det så kalla *Eplestrekket*. Her er delar av eplehagen føreslege bevart, samstundes som det har vore ein viss utbygging. I tillegg er gangvegen kanta av epletre. Planen har og med eit framlegg der Fjørevegen har ein epletre allè i midten.

Det er fleire eplehagar som planen ikkje omtalar, men som kommunen bør vurdere. På Rutlin ligg t.d. eplehagen i nærleiken av karakteristisk haug med eit automatisk freda gravminne og eit friområde med leikeplass og snarveg mellom Rutlin og Dalavegen.

FORMIDLING AV KULTURMINNE

Sogndal kommune ønskjer ein gjennomgang av nyare kulturminne i tettstaden. Kva historier er det vi ønskjer å fortelja komande generasjonar? Kva er det som gjev Sogndal sitt særpreg? Kva må vi ta vare på? Er det nokre område eller bygningar som er spesielt viktige? Korleis skal vi ta vare på dei?

I bygdeverkstaden er det sett på identitetsfaktorar og der er m.a. kulturhuset, mastene ved Storehaugen, Høgskulebygget, Sogningen storsenter, Meieriet og Loftesnesbrua trekt fram. Er noko av dei moderne kulturminne? Gjest Bårdsens-huset er bygd opp att og er eigda ei stifting. Er dette eit kulturminne? Sefrak-registreringa (registrering av hus bygde før 1900) viser at det er mange eldre hus i Fjøra og andre stader i Sogndal. Kva er stoda for dei i dag? Er det nokre av dei som burde takast vare på som kulturminne?

Like viktig som der er å vera klar over kulturminna sine er det å formidla dei slik at dei vert kjende. På 1990-talet vart det jobba ein del med historiske vandringar i Fjøra. Sogndal bibliotek fekk midlar til eit to-årig prosjekt for å formidla lokalhistorie til barn og ungdom. Det vart i den samanhengen laga permar med informasjon til opplegget. Denne byrjar med Leigh-gota og går gjennom Fjøra endar ved Hofslund Fjordhotel. Sogndal kommune og Sogndal turistinformasjon har også laga ein foldar for historisk vandring i Sogndalsfjøra. Den har sju stopp: Fossetunet, Trehestebakken, Steinbryggjegota, Rusebakken, Stedje kyrkje, Stedje mølle og kraftstasjonen på Foss. Det var også laga skilt med informasjon, det står framleis att eit ved m.a. Rusebakken. Med andre ord er det mykje som alt finst, men det er behov for å oppjustere dei og halde dei ved like.



Det er mykje som er sagt om Fjøra og historia der, og dette kan med fordel formidlast betre. Ein indikator er kor mykje eit område med kulturminne vert brukt. Eit døme er Røvhaugane

som er eit mykje brukt nærområde til tur og leik, og der vi òg finn to gravminne frå bronsealder – jernalder. Veit brukarane av Røvhaugane om desse gravminna?

KAUPANGER

Kaupanger er den andre tettstaden i kommunen, og har ein minst like lang og særprega historie som Sogndal. Historia er særleg knytt til området rundt Amlabukti. Det er få stader som har ein naturleg hamn som er så beskytta som Amlabukti. Bukta er relativt stor, men holtane omkransar den, slik at det er ein nokså smal utgang til Sognefjorden. Landskapet innafor har eit lunt og godt klima som gjev gode jordbruksvilkår.

I Kaupanger har vi den største samanhengande fredinga der både bygningar og omgjevnad er verna. Fredinga er først og fremst mynta på stavkyrkja og Kaupanger Hovedgård, men området har ei vidare historie å fortelja. Stavkyrkja vart nemleg bygd i ein kjøpstad, og er den einaste stavkyrkja som står att på bygrunn.⁸⁷

Skriftlege kjelder og arkeologiske undersøkingar vitnar om ein kjøpstad, den så kalla *Lusakaupangen*. Kjøpstaden låg i Kaupangerbukta, men hadde større utbreiing enn det som no er freda i forhold til stavkyrkja og Kaupanger Hovedgård. Det er sannsynleg at staden hadde produksjons- og handelsverksemd retta mot ein marknad frå slutten av 900-talet. Funksjonane strekkje seg over fleire hundre år, og er påvist fram til slutten av 13-1400-talet. Det er også funne spor etter gardsbusetnad i området frå før kaupangen vart etablert, allereie i byrjinga av bronsealderen. Rester etter kaupangen er automatisk freda kulturminner.⁸⁸

Frå 1500-talet og til våre dagar er det særleg to nøkkelord knytt til med Kaupangerhalvøya. Det er skogbruk og den sosiale strukturen med to større gods, eit fåtal gardar og mange leiglendingsbruk og husmenn. Husmannsvesenet på Kaupanger skil seg frå husmannsvesenet elles på Vestlandet ved at det heller har oppstått pga. arbeid (i skogen) enn folkeauka.

SKOGBRUKET

Skogen i Kaupanger har alltid vore viktig, men tok for alvor fart på 1500-talet med introduksjon av oppgangssaga. Det var dei store godsa som sat på mesteparten av skogarealet, og dei hadde sagbruk og eigne jekter som frakta trelasta til Bergen.⁸⁹ Godsa har med andre ord hatt kontroll over heile prosessen frå tømmeret stod i skogen, til det vart saga og frakta med jekter til Bergen. Då Kaupanger Hovedgård vart adeleg setesgard i 1636, kunne dei også skipa trelast direkte til utlandet.⁹⁰ Det einaste som kunne verka regulerande på drifta for godseigarane, var trelastprisar og dårlege driftstilhøve som store snømengder eller lite vatn i elvane.

For husmenn og leiglendingar under godsa var noko av arbeidet i skogen betaling til godseigaren, men ikkje alt. Mange av husmennene var avhengige av arbeidet i skogen for å kunne klara seg, og for å få pengar til å betala avgifter. Tjørebrenning leigde godseigaren bort til husmenn og leiglendingar, og var ei mogleg inntektskjelde. Ein annan ressurs var veden. Det var helst avfall etter hogsten som vart brukt, men også lauvtre vart nytta. Trekol vart frakta til Bergen.

Skogen spelar framleis ei viktig rolle på Kaupangerhalvøya, men ikkje for så mange som før. Frå å ha vore eit samfunn, der dei fleste på ein eller annan måte var knytt til skogbruket, er det i dag berre eit fåtal som har mykje av inntekta si frå skogen

Med bakgrunn i den tydinga som skogen har hatt på Kaupangerhalvøya bør kommunen tenkje på korleis framtidige generasjonar kan ha moglegheit å forstå omfanget, korleis ein brukte skogen og utviklinga av skogbruket. Det er ikkje meininga at alt skal fredast, men nok til at historia kan forteljast. Kommunen bør også vurdere korleis den kan formidlast. Døme på kulturminne i skogbruket er:

Tjørehjell: Skogane i Kaupanger er rik på furu, ein føresetnad for tjøreproduksjon, og tjørehjell er eit vanleg kulturminne på Kaupangerhalvøya. Som regel ligg dei på kanten av bakkeskråningar eller i myr.⁹¹ Kvar hjell var brukt i nokre år. På Kaupanger hadde dei fleste tjørehjell namn, og har gjeve opphav til mange stadnamn.



Figur 4: Motbakkehjellet i Amlaskogen

Kolgroper og kolmiler: Den kanskje talrikaste kulturminna i skogen er kolgroper. Dette er den eldste kjente forma for kolbrenning og var knytt til jernvinning og smiing. Mengda kan seia noko om kor omfattande det var.

Jarnframstilling: Jarnsmiing har vore viktig i Kaupanger, ikkje minst under kjøpstadstida.⁹²

Demmer: Oppgangssager var drivne av flaumbekkar. Den naturlege flaumen var ofte forlenga ved å laga demmer. På morgonen sprang ein person opp til demma og opna ho, og

så vart ho lukka om kvelden. Frå Søre demma tok det ca. to timer før flaumen kom ned til saga i Amla.⁹³ Demmer i Kaupanger:

- Søre Demma (1870-80)
- Nordre Demma (1600-talet). Det er også laga ein kanal til Søre Demma.
- Vatnasete
- Demma på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum
- Vasstak

Det var også ei mindre demma i Breisetevatnet. I 1950 var det laga ein dam der og i 1979 bygde kommunen vassverk.

Sager: Sager har hatt ein sentral plass i skogbruket. I Amlaelvi har det vore tre sagbruk. Ei står framleis, og av ei anna er murane att. Også i Kaupangerelvi har det vore tre vassager. Ein oppe ved Vangestad, Øvstasagi ved stavkyrkja og Nedstesagi ved Kaupanger Hovedgård. I seinare tid har det også vore sagbruk ved jektekaia og seinare der fjordmuseet ligg i dag. Nokre av gardane på Skogen hadde sine sager langs elva som renn frå museet og ned til Eidet. Garden Hauståker hadde eige sagbruk med demming i Vasstak.⁹⁴ Ytst på halvøya var det fleire allmenningar til kringliggjande bygder (Fjærland, Leikanger, Fresvik). På Tingastad står ei sag som tilhøyrar De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum.

Skogsskoier: Skogsskoier er eit nyare kulturminne, og består ofte av ei hytte og ein stall. Den første skogsskoia under Amla gard vart bygd i 1939 i Djupedalen. På Amla var koiene helst bygd for overnatting for hestekarane som måtte stelle hestane. Dei fleste andre skogsarbeidarane reiste heim kvar kveld. Skikken med skogsskoier hald fram til 1972. Amla har i alt fem slike koier: Gjertadalen, Djupedalen, Fossbakkane, Svartahol (vert no brukt av speidarane i Kaupanger) og Blomdalshaug.



Figur 5: Skogsskoia Gjertadalen

Kaupanger Hovedgård hadde også skogsskoier, men her budde arbeidsfolket i vekene og reiste berre heim i helgane. På Vikastølen var t.o.m. bemanna med kokke. Reshytta og i Russviki var dei to andre skogskoiene på Kaupanger Hovedgård.

Løyper: I bratte lier vart tømmeret frakta ned i løyper, og det har vore mange løyper i Kaupanger. Tydlegast ser vi dette lokale stadnamn. I naturen er dei ikkje lenger like tydelege, då dei har vokse att, og med åra har forskjell i vegetasjon også vorte mindre.

Skogsvegar: Hesten var lenge brukt å frakta ut tømmer. Det er både stiar som er trakka opp ved skogbruk, men meir synleg er skogsvegane. Desse utgjer store system på Kaupangerhalvøya.

ANDRE KULTURMINNE

Kaupanger Hovedgård og området rundt er som sagt tidligere freda med heimel i kulturminnelova. Likeins er Nedre Amla freda. Det andre store garden i Kaupanger er Øvre Amla. Det er funne mange lausfunn i området. Gjert Falch Heiberg og arkeolog Sigurd Grieg grov på 1920-talet ut restar etter fleire gravhaugar på nedsida av hovudhuset, dette var restar etter ein jernalder gravfelt. Det er svært sannsynleg at ein kan finna meir her. I tunet er fleire Sefrak-registrerte bygningar, men det er ikkje nokon formell freding. Vel så verneverdig som sjølve tunet er området vest for tunet, der den gamle museumsbygningen i Amla står. Huset er teikna av arkitekt Holger Sinding-Larsen, og er påverka av dragestilen. Byggmester John J. Hove frå Balestrand bygget bygningen som stod ferdig i 1905. Museet er det første utstillingslokalet i Sogn. Ved sida av står den gamle runesteinen som vart funnen i hagen. Litt ovanfor runesteinen ligg eit røys. Framfor museet er restar etter ein allé langs vegen som gjekk ned til dampskipskaia. Trea er truleg planta kring 1865.⁹⁵ Lønnealleen er også med i rapporten for biologisk mangfald i Sogndal kommune, samt to landskapsanalyser.



Dei store gardane synst såleis att. Ved ein gjennomgang bør kommunen vurdere husmennene og leiglendingane sin representasjon. Av husmannsvesenet har ein sett omsynssone på Kiperhaugen, tidlegare husmannsplass under Vestreim. Mange av dei gamle husmannsplassane ligg sentralt til og er framleis i bruk. Nokre av dei meir avsidesliggjande husmannsplassane er Pallane og Mannhiller. Mannhiller vart frå flytta omlag 1880 pga. steinsprang. Det er ikkje bygningar att på plassen. Mannhillerstølen ligg like ved Ombandsstølen, her er det også att rester av sel og geitefjøs.⁹⁶ Pallane, eller Store Pallen, ligg 70moh litt innanfor Mannhiller. Det budde folk her til 1920-åra. Det står igjen rester av

hus, masse murar etter hus og bakkemurer. Pallane ligg i Ombandsteigen som høyrte til Nedre Amla, men vart seinare seld til garden Hauge i Lærdal.

FORMIDLING

Kaupanger har mykje å formidla. På Kaupangersida er det største fredingsområdet i kommunen, i tillegg er Lusakaupang ein av tre arkeologiske kulturminne i Sogndal kommune som det er gjeve signal om at ein skal leggje til rette med formidling. I forhold til turisme kan ein sjå på Kaupanger som ein av inngangsportalane til verdsarvområdet i Nærøyfjorden. Vestnorsk fjordlandskap, som Nærøyfjorden er ein del av, er eit av to pilotprosjekt som regjeringa har hatt i verdiskapingsperspektivet i arbeidt med kulturminne og kulturmiljø. Her har ein sett på ein brei verdiskaping basert på kultur- og naturarv. Det er fleire aktørar som jobbar og ønskjer å jobba med området og ei eventuell slik utvikling bør vera tverrfagleg og i lag med samarbeidspartnar.

FJÆRLAND

Særtrekk for Fjærland er dei store slettene omkransa av karakteristiske fjelltoppar og Jostedalsbreen. Byggjemønsteret er ein tettare busetnad i Mundal og elles spreidd busetnad i tun på flatane. Den flotte naturen har trekt turistar til seg heilt frå 1800-talet og fram til våre dagar.

I Fjærland er det få kulturminne som er synlege gjennom Askeladden (tre treff) og reguleringsplanar (Mundal sentrum), og det er trong for ein del kartlegging. Dette kjem fram i både avsnitt om kulturlandskap og utmark. I tillegg er det kulturminne generelt. Kulturminneplanen vil gje nokre døme på kulturminne som kan vera aktuelle, men er ikkje ei fullstendig liste.

TIDLEG HISTORIE

Det er gjort ein del arkeologiske funn og anna som fortel oss at Fjærland har vore bygt alt i vikingtid, men i mellomalderen er det lite om bygda, og ho kan tykkjast å ha lege mest øyde ei tid.⁹⁷ Det er først kring 1500 vi sikkert veit at bygda var noko busett, og at det kunne vera to grupper, nemleg bønder og husmenn.⁹⁸

TURISME

Alt på slutten av 1800-talet byrja turistane finna fram til Fjærland. Då liksom no er det det fjell- og bre landskapet som trekker folk til seg. Det var helst bre pionerar og kunstmålarar som utgjorde dei første turistane. Mundal hotell vart bygd i 1891.

Den største turistperioden var frå 1920 talet og fram til 2. verdskrig. Turistane kom enten med Fylkesbaatane eller med turistskip. Dei fleste var engelskmenn, men også ein del hollandske flytande hotell fann vegen inn fjorden.⁹⁹

Turismen var viktig for bøndene i Fjærland. Viktigaste var det å frakta turistane til breen med hesteskys. Fjærland skysslag var stifta i 1889.¹⁰⁰ For å skjønna tydinga kan det nemnast at i 1923 var turistskipet «Avon» ein av båtane som besøkte Fjærland. Båten var innom tre gonger med over 1500 turistar. Over 70 hestar var tinga kvar gong, og dei måtte gjera to turar til breen kvar skipsdag.¹⁰¹ 1926 er rekna som toppåret, og då var det over 20 flytande hotell innom bygda. Det kunne vera opptil 700 turistar som skulle inn til breen kvar gong. Av skysslagsbøkene går det fram at laget tok inn om lag 50 000 kroner på eit år til fordeling på bøndene.¹⁰² Opptil 120 hestar var det året i sving kvar dag for å frakta turistar til breen.¹⁰³

Dette var så god inntekt for bøndene at det var prioritert før slåttene. I tillegg tente bondekonene sine egne pengar ved å selja vevde teppe og ting dei strikka i løpet av vinteren. Andre inntekt for bygda var fjellføring, frakting i småbåtar, overnatting på hotellet m.m.

Etter krigen har turismen ikkje hatt same økonomiske omfang. Biler og bussar har erstatta hesteskysen, men Fjærland er framleis ein turiststad. I dag er m.a. bremuseet og bokbyen døme på det.

INFRASTRUKTUR

Turismen har også hatt betydning for infrastrukturen i bygda. For å koma til breen måtte dei første turistane i land med robotar i Stølaholmen. Før hundreårsskiftet var det ein skarve veg høgare oppe, men i 1909 var det brukbar køyreveg til Stølaholmen.¹⁰⁴

Mellom Bøyum og Mundal gjekk ein sti litt opp i lia (delar av den er merka i turkart for Sogndal og Leikanger. Frå gammalt gjekk den ikkje ned ved Sva, men fortsette lenger fram i Bøyum). Først i 1870-åra vart det brukande køyreveg forbi Urdabukti.¹⁰⁵ Denne vegen var utsett for skred inst i Skreda. I 1923 vart ny vegbane fylt opp med stein godt ute på deltaet, med god avstand frå skreda.¹⁰⁶

Kjerreveg fram til Bøyabreen vart bygd i 1891.¹⁰⁷ I 1916 vedtok styremøtet i skysslaget at vegen til Suppehellebreen måtte gjerast ferdig.¹⁰⁸

Veg inn til bygda tok det lenger tid å få. I 1986 kom vegen til Jølster og først i 1994 var vegen til Sogndal ferdig.¹⁰⁹

KULTURMINNE

Turismen sin tyding for bygda bør sjåast att. Mundal hotell i Mundal sentrum er eit døme. Det ærverdige gamle hotellet var teikna av arkitekten Peter A. Blix og er eit godt døme på den moteriktige arkitekturen frå siste halvdel av 1800-talet – ein kombinasjon av moderne design og det tradisjonelle uttrykket frå stavkyrkjene.¹¹⁰ Hotellet ligg innafor det verna området.



Større delen av vegen frå Mundal sentrum og ut mot Bøyaflata er kanta av stabbesteinar. I Urabukti står ein drikkestein, eller hestabrunni, som forsynte skysshestane med vatn. Hestabrunni består av ei tre renne og ein uthola stein. Steinen var vekke ein stund, men vart satt opp igjen rundt 1990.¹¹¹ Både stabbesteinane og hestabrunni er fine kulturminne.



Figur 7: Stølaholmen i 1914 og naustrekkeja i 2013. Fotografen i 2013 har stått på neset omtrent der den store bygningen står i 1914, og teke biletet inn i bukta. Framfor nausta er bradbenken.

Stølaholmen er staden der dei første turistane som skulle til breen gjekk i land, men like viktig var staden for dei som budde i bygda. Det var gardane på austsida som hadde naustplass her; Supphelledalen, Skarestad, Horpedal og Våtviki. Det var ein allmenning her der dei let hestane beite medan dei var på fiske, i Mundal etc. Seletøyet la dei under ein stein som fekk namnet Salasteinen. Nede ved fjorden



Figur 6: Salasteinen

står i dag ei naustrekke med fleire båtstøer ut i vatnet. I tillegg er det rester av ein bradbenk. Denne vart brukt når dei skulle tjørebre båten. Ute på neset er det restar etter ein barkkumme. Det finst også ein meir intakt barkkum på den sørlege naustrekka. Brygga der ein frakta ved frå, er også synleg. I området finst også stadnamn som gildrestein, som visar til tidlegare fiskeplass.¹¹²

Ned til nausta går ein veg kanta med stabbesteinar. Ein eldre veg/sti til har gått litt høgare opp. Stølaholmen er også interessant i høve til geologi, sjå kapittel om geologiske kulturminne.



Det er ei naustrekke også ved Skreda, men den er litt nyare. Først låg den lengre inn i fjorden, men i og med at vegen vart lagt om i 1923 måtte ein flytta nausta til dagens plassering. Det er eit fint element, men Sogndal kommune må vurdera kor verneverdig den er.

Av andre kulturminne som er nemnd i fylkesarkivet sitt kulturhistoriske leksikon er:

Bedehuset Betania

Første samlinga i det nye bedehuset i Bøyum vart heldt 18. desember 1913.

Offersteinen

Steinen ligg på ein flat voll som vart kalla offersteins-vollen. Den låg attmed fjellstølvegen. Den dagen dei for forbi med kyrne til fjellstølen, brukte dei å leggja ein stein bort på offersteinen, eit slag offer til steinvetter frå fyrst av.¹¹³

Friarskori

Dette er historia bak eit stadnamn i Bøyadalen, Friarskori som er namnet på overgangen frå Bøyadalen til Suppehelledalen via Skeinipa. Det heiter seg at husmannssoen Lars Johannesen Rødseter gjekk denne vegen for å treffa bondedottera Synnøve Andersdatter Bøyum når ho var til støls, og faren sett ut folk til å vakta på henne. Hendinga er også skildra av Olav Sande i boka «Innestengt».¹¹⁴

NORANE

På lik linje som dei andre bygdene i Sogndal kommune har Norane ei lang historie. Av kulturminne som er registrert i Askeladden er det eit par busetnad- aktivitetsområde i Fardal og fleire gravminne ved Slinde. Litt interessant er ein nausttuft frå jernalderen funne på ytre Slinde, området er regulert til spesialområde. Det er også registrert to kyrkjestadar. Den eine er Norum kyrkjestad. Dagens kyrkje er den tredje av kyrkjebygga på denne staden.¹¹⁵ Det andre kyrkjestaden er på Fimreite. I middelalderen låg ei lita kyrkje, Fimreite kapell, her.¹¹⁶ At det var kyrkje på Fimreite kan tyde på ein stor gard. Det er også kjent at det budde storfolk på garden. Det er sagt at Fimreite i lag med Kvåle og Urnes i Luster i ein periode var dei største gardane i Sogn.¹¹⁷

Lægjet, storleiken og eigedomstilhøva kan tyde på at garden er langt eldre enn middelalderen, men ein har førebels ikkje funne spor etter førhistorisk busetnad innan sjølve gardsvaldet. Gravminne frå eldre jernalderen er vanlegvis lagde nær tunet, på Fimreite er det berre funne gravrøysar på Hønsaneset og Gagersneset. Fimreite er første gong omtala i Sverre saga i samband med slaget i 1184.¹¹⁸

Der ein har registrert flest funn, er i området på Nornes. Dei fleste er gravminne frå bronsealder – jernalder. Det er også eit par skipsfunn i fjorden som ikkje har avklara vernestatus. Sogndal ønskjer å synleggjera kulturminna på Nornes. Det er laga ein parkeringsplass til badeplassen og bautasteinen, men det er dårleg med informasjon om korleis ein kjem seg vidare til steinen. Nornes er ein avgrensa stad med fleire ulike typar kulturminne, og kommunen kan til dømes informera om følgjande:

- Dei ulike gravrøysene som er å finna på neset. Den eine ligg rett bak bautasteinen.
- Bautasteinen og slaget på Fimreite
- Naustrekkja nedanfor bautasteinen
- Skyttegraver frå 2. verdskrigen. Det var tyskarane som bygde dei. Visar staden si strategiske tyding både i 1184 og 1940-talet.
- Fyret på Nornes. Vart sett opp i 1855 for ruteskipet DS «Patriot», slik at båten kunne få løyve frakte post inn til Sogndal. I 1858 byrja Nordre Bergenhus Amts Dampskibe med regelmessig rutefart Bergen – Sogn og Fjordane, og ikkje berre sporadisk som tidlegare. Ein kan også fortelja om båtane «Jotunheim» og «Kommandøren» som gjekk på grunn utanfor Nornes.¹¹⁹
- Kulturlandskap.

PRIORITERTE KULTURMINNE

Ved fleire høve er det gjort eit forsøk på å prioritere kulturminne, så er det også gjort i Sogndal kommune. Desse kan vera ein peikepinn i vidare arbeid med kulturminne. I samband med Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK) 2010-2020 er Lusakaupangen, runesteinen på Stedje og Borgarholt (bygdeborgen i Årøy) vurdert som dei viktigaste kulturminna å leggja til rette for. I handlingsplanen til Sogn og Fjordane fylkeskommune vert det lagt opp til tre temaløyper gjennom fylket. I Løype 2: «Bonden og garden» er bygdeborgen i Årøy trekt fram saman med gardsanlegg på Rutlin. I Løype 3 «Rikssamling og kyrkjebygging» er Kaupanger stavkyrkje, Lusakaupangen og rundesteinen på Stedje trekt fram.¹²⁰

I 1999 hadde fylkesarkivet eit prosjekt der dei oppmoda kommunane og Statens vegvesen å velja ut kulturminne som skulle prioriterast i Kulturhistorisk Atlas og Leksikon for Sogn og Fjordane. I Sogndal vart følgjande kulturminne lista opp (nummer er ikkje prioriteringsrekkefølga):

- | | |
|------------------------------------|---|
| 1. Stedje kyrkje | 34. Lusakaupang |
| 2. Runesteinen – Stedje | 35. Skog- og sagbruksdrift – Kaupanger |
| 3. Gravfunn på Stedje | 36. Tingastadsaga |
| 4. Kvåle | 37. Eidet |
| 5. Gravfunn – Kvåle | 38. Holm |
| 6. Industriverksemda – Foss | 39. Norum kyrkje |
| 7. Stedje mølle | 40. Slaget ved Fimreite |
| 8. Åberge | 41. Fimreite |
| 9. Nagløyri | 42. Norneset |
| 10. Prestegarden | 43. Frukthøgda Ølmheim – Slinde |
| 11. Kjørnes | 44. Pålshella |
| 12. Loftesnes | 45. Stølsvegen frå Slinde |
| 13. Gjest Baardsen | 46. Fjærland kyrkje |
| 14. Stedje gard | 47. Hotel Mundal |
| 15. Loftesnesbrua | 48. Bautastein ved skulen |
| 16. Gamlevegen Kjørnes – Kaupanger | 49. Bautastein ved hotel Mundal |
| 17. Gamlevegen Årøy – Solvorn | 50. Bøyabreen – Brevasshytta |
| 18. Årøy | 51. Gravstøtte på kyrkjegarden –
Fjærland |
| 19. Sogndal folkehøgskulen | 52. Bremuseet |
| 20. Gravfunn Rutlin | 53. Ferdselsveg Bøyadalen – Lunde |
| 21. Eggjasteinen | 54. Ferdselsveg Berge – Sogndalsdalen |
| 22. Anestølen | 55. Ferdselsveg Supphelledalen –
Veitastundi |
| 23. Vatnasete | 56. Brynnesteinen – Urdabukti |
| 24. Orrestad | 57. Jettegryter – Skarestad |
| 25. Sogndalsfjøra | 58. Naustrekkje – Stølaholmen |
| 26. Sogn Folkemuseum | 59. Rasteplassen – Berge |
| 27. Kaupanger stavkyrkja | 60. Friarskori – Bøyadalen |
| 28. Nedre Amla | 61. Veggen Mundal – Fjorden (Indre
Fjærland) |
| 29. Hovland | 62. Bøyaøyri |
| 30. Kaupanger Hovedgård | |
| 31. Amla | |
| 32. Amlasteinen | |
| 33. Vestreim | |

I tillegg hadde Statens vegvesen valt ut nokre kulturminne, mellom anna Kaupanger bru som ikkje er nemnd i lista over. Det var også framlegg på tema knytt til veg.

HANDLINGSDEL

Kartlegging

Kulturminneplanen har prøvd å sjå på kva for ulik informasjon som alt er tilgjengeleg og sett dei saman. Vi ser at det er nokre av registreringane som er gjorde for mange år sidan, og treng ei oppfølging. Det er også vist til nokre område/ tema som kommunen vil jobba vidare med. Desse kartleggingane bør gjerast i samarbeid med samarbeidspartnarar og lokalbefolkninga.

Synleggjering

Det å synleggjera kulturminna for publikum er med på å spreia kunnskap, skapa interesse og medviten, og kan vera med på å ta vare på kulturminne. Det er mange kulturminne, og det vil vera vanskeleg å få vist fram alt. Kommunen vil vurdere kva kulturminne/ område som bør synleggjerast. Utvalet kan vera basert på viktigheit av kulturminne (særmerkte, sårbare, autentiske), tal kulturminne og/eller kvar ein når flest publikum. Publikumstal kan vera basert på enkeltbesøkande, skular (undervising), turisme m.m.. Det er også viktig å forankra det slik at informasjonen vert vedlikehalden.

I dag finst det informasjon langs dei gamle ferdselsvegane mellom Vikane og Valeberg og Årøy – Olavskjelda. Det er også sporadisk med skilt i Sogndal sentrum. Liknande skilt står også ved Ljotaholet, ikkje så langt frå Hølsete. Fjærland har noko formidling, og til kulturminneåret 2009 fekk bygdelaget i Kaupanger midlar til ein natur- og kultursti innafør det freda området. Det er også sett i gang eit prosjekt til synleggjering og tilrettelegging for publikum i det freda området i Kaupanger.

I kulturminneplanen er det i tillegg forslag om formidling: Sogndal (sentrum, Røvhauge, med meir), Nornes, Kaupanger (Amlabukti og skogbruk). I tillegg vil vi vurdere områder som Hølsete, som er eit vanleg turmål for mange i Sogndal. Området er omtala fleire gonger i planen. Både stølen i seg sjølv, skålgroper og den eldre stølen litt ovanfor dagens. Dal-Helgesete er ein annan støl som har fleire kvalitetar og som er regionalt viktig. Anestølen er eit anna døme på lokalitet som har mange kvalitetar og interessegrupper. Funna i Grøssetemyra kan vera eit anna døme på der vi kan informera.

Kommunen vil også ta avgjerd korleis kulturminna skal formidlast. Tradisjonelt er det skilt eller foldarar som har vore brukt, og som framleis kan fungerer fint. Samstundes lever vi i ein meir digital verden, der kravet om å vera tilgjengeleg stadig vert større. Å følgja med i utviklinga kan vera viktig for å skapa interesse hjå yngre generasjonar. I tillegg går utviklinga stadig framover og gjev ny moglegheiter og ein kan skapa meir spanande formidling. Sogndal sogelag og Sogndal bibliotek har brukt «Digitalt fortalt» for formidling, og her kan ein lesa om mellom anna Gamlevegen Valeberg – Vikane og Myrbeinsete. «Kultur- og naturreise» er eit prosjekt som kan vera til inspirasjon i digital utvikling. Det er eit prosjekt mellom Riksantikvaren, Kartverket, Kulturrådet, Miljødirektoratet og frå 2014 Riksarkivet, som ser på

formidling av offentlig informasjon og lokal kunnskap om kultur og natur, sjå meir på bloggen deira: <http://kulturognatureise.wordpress.com/>. På lokalt nivå har Sogn og Fjordane fylkesarkiv/ ABMU- Sogn og Fjordane hatt prosjekt med digital formidling, og i 2012 vart Knaken nominert til fylkets kulturidé for arbeidet sitt med digital formidling.

Eit meir arbeidskrevjande formidling, men inspirerende, er personleg formidling slik som Sogndal bibliotek hadde i sitt prosjekt.

Vedlikehald

Uansett om det gjeld sjølve kulturminnet eller om det er formidling, er vedlikehald eit nøkkelord. Det er samstundes ei stor utfordring, og det vil vera uoppnåeleg å ta vare på alt.

I mange høve vil skjøtselsarbeidet bestå av å halda uønskt vegetasjon borte frå kulturminne. Fylkeskommunen er delegert mynde når det gjeld skjøtsel av kulturminne og har difor hovudansvar for skjøtselsarbeidet og for den kulturfaglege oppfølginga. Men for å kunna utføre eit tilfredsstillande skjøtselsarbeid er fylkeskommunen avhengig av eit godt samarbeid med lokale krefter. Det er difor ønskeleg at kommunen, grunneigarar, grendelag, historielag og andre lokale aktørar kan delta aktivt i det praktiske arbeidet. Ein ide kan vera å «adoptera» eit kulturminne i kommunen og ta ansvar for det praktiske skjøtselsarbeidet. Både fylkeskommunen og regjeringa trekkjer fram aksjonen «Rydd eit kulturminne» som Norsk kulturarv har brukt for å nå ut til barn og ungdom under 18 år. Sogndal kommune vil sjå nærare på korleis dei kan bidra med skjøtsel og korleis dei kan hjelpe til å eventuelt starta eit «adopsjons-prosjekt». Det treng ikkje nødvendigvis berre vera retta mot skulen.

Tema	Tiltak
Synleggjering	Vurdera kva område som skal leggjast til rette for publikum og korleis desse områda skal formidlast.
Vedlikehald	Leggje til rette for fadderar av kulturminne
Bautasteiner	Avklare framtidig vern av runesteinane i kommunen eventuelt flytte minnesteinen i Fardal
Revisjon av utmarksplan	Registrera stølar og småbruk/husmannsplassar i Fjærland, inkludera nye data frå Sogndal og samla heile Sogndal kommune i ein plan.
Revisjon av plan for kulturlandskap og kulturmarkstyper	Gå igjennom alle område grundig og vurder verneverdi. Samla Sogndal kommune under eitt
Sogndal	Kartlegga nyare kulturminne. Formidling av kulturminne.
Kaupanger	Kartlegga kulturminne knytt til skogen og formidling av desse
	Synleggjering av kulturminner kring bukta
	Vurdera om ein skal freda andre område
Fjærland	Kartlegging av kulturminne
Norane	Synleggjering av kulturminne

LITTERATURLISTE

- Austad, Ingvald og Helle, Turid. 1989. *Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogndal kommune*. Sogn og Fjordane distriktshøgskule skrifter 1989:4.
- Bjørkeli, Birgitte og Berge, Jan. 2008. *Rapport frå kulturturhistorisk registrering – Hølseteli*. Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Bosheim, Oddkjell. 2002. *Telegraflina over Stødnaåsen*. Fylkesarkivet. SFFkl – 100839
- De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum 2011. *Friluftsmuseet* Upublisert
- Engesæter, Aage. 1979. *Sogndalsfjøra – nokre drag frå Fjøra si soge*. Sogn og Fjordane distriktshøgskole.
- Engesæter, Aage. 2000. *Eggjasteinen*. Fylkesarkivet. SFFkl- 100752
- Ese, Kristin. 2006. *Turistkyss i Fjærland*. Fylkesarkivet. SFFkl- 102297
- Fimreite, Gyril. 2012. *Skjøtsels- og tiltaksplan for Kaupanger Hovedgård*. Knaken AS
- Foyn, Silje. Øvrebø. 2011 a. *Rapport frå kulturturhistorisk synfaring/registrering – Myrbeinsete*. Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Foyn, Silje. Øvrebø. 2011 b. *Rapport frå kulturturhistorisk synfaring/registrering – Navarsete og Vierhøla*. Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Foyn, Silje. Øvrebø. 2011 c. *Rapport frå kulturturhistorisk synfaring/registrering – Slettadalen*. Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Foyn, Silje. Øvrebø. 2011 d. *Rapport frå kulturturhistorisk synfaring/registrering – Gamle-Spe og Øvre Spe*. Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Foyn, Silje. Øvrebø. 2011 e. *Rapport frå kulturturhistorisk synfaring/registrering – Steinsete*. Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Foyn, Silje. Øvrebø. 2012. *Rapport frå kulturturhistorisk synfaring/registrering – Grøsetemyrane*. Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Fylkesarkivet. 1999. *Kulturhistorisk Atlas og Leksikon for Sogn og Fjordane – førebels liste over prioriterte kulturminne (18.6.1999)*
- Gundersen, Ingar. 2010. *Arkeologiske registreringar i samband med 420 kV kraftlinje «Ørskog – Fardal»*. Kulturhistorisk publikasjon nr 3, 2010 del 1.

Hauge, Leif., Hatling, Anne Karin., Haugen, Hildegunn og Lidal, Jostein. 1992. *Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Balestrand kommune*. Sogn og Fjordane distriktshøgskule, avdeling for landskapsøkologi

Helleve, Åsne. 2013. *Rapport frå kulturminneregistrering – Stølen Helgasete, Barsnes*. Sogn og Fjordane fylkeskommune

Kleppa, Hermund. 2000. *Minnestein i Fardal om soldatar i ufredsåra 1807-1814*. Fylkesarkivet. SFFkl - 101598

Kleppa, Hermund. 2001. *Gravstein over tysk marineoffiser i Fjærland*. Fylkesarkivet. SFFkl-100769

Kleppa, Hermund. 2001. *Minnestein over Bolette Pavels Larsen*. S Fylkesarkivet. FFkl- 100079

Kleppa, Hermund. 2001. *Minnestein om Oscar II i Fjærland*. Fylkesarkivet. SFFkl – 100767

Kleppa, Hermund. 2001. *Minnestein over Henrik og Mette Dahl*. Fylkesarkivet. SFFkl – 102477

Kleppa, Hermund. 2003. *Bautastein frå Nornes på Sogn Folkemuseum*. Fylkesarkivet. SFFkl - 101830

Kleppa, Hermund. 2006. *Minnestein ved Stedje kyrkje – Nils Loftesnes*. Fylkesarkivet. SFFkl – 101596

Kleppa, Hermund. 2006. *Minnestein på Lægreidplassen*. Fylkesarkivet. SFFkl – 101597

Kleppa, Hermund. 2007. *Kong Sverre – Minnestein om slaget ved Fimreite*. SFFkl - 102345

Kleppa, Hermund. 2013. *Fyret på Nornes i Sogndalsfjorden – ds «Patriot», ds «Jotunheimen» og ds «Kommandøren»*. Fylkesarkivet. SFFkl-128682

Knagenhjelm, Christoffer. 2008. *Kaupanger i Sogn- etablering, vekst og bydannelse*. I: De første 200 årene – nytt blikk på 27 skandinaviske middelalderbyer. UBAS nordisk 5. Universitetet i Bergen Arkeologiske skrifter.

Laberg, Jon. 1985. *Balestrand bind I – ættesoge*. Utgjevi av Balestrand kommune

Landskapsarkitektane i Sogn og Fjordane moen og Feste as. 1992. *Fjærland – Overordna landskapsanalyse*.

Multiconsult seksjon 13.3 landskapsarkitektar 2008. *Forvaltningsplan for områdefredete arealer ved Kaupanger stavkirke og Kaupanger Hovedgård*. Riksantikvaren.

Nedrelo, Eldris. 2001. Biologisk mangfald i Sogndal kommune. Hovudfagsoppgåve NLH.

Norges vassdrags- og energidirektorat, 2010. *Kraftoverføringens kulturminner*. NVE-rapport nr 17 – 2010

Pedersen, Arne Stein. 2009. *Gamlevegen mellom Sogndal og Kaupanger – litt historie* s. 77-78 i ...so han sa... lokalhistorisk årshefte årgang 2009. Sogndal sogelag og Fjærland sogelag.

Reguleringsplanar i Sogndal kommune

Sandal, Per. 1986. *Sogndal bygdebok – allmenn bygdesoge tida før 1800*. Sogndal Sogelag.

Skrede, Marit Anita. 2006. *Storgarden Kvåle*. Fylkesarkivet. SFFkl- 100061

Solberg, Aud Ross. 2000. *Runesteinen på Stedje*. Fylkesarkivet. SFFkl-100739

Sogndal kommune. 1994. *Kommunedelplan for utmark – temaplan og registreringar*

Sogndal Sogelag. 1938. *Heimbygdi vår Sogndal – emne or saga og samtid*. Årbok 7

Sogn og Fjordane fylkeskommune. *Eit mangfald mellom kyst, fjord og fjell – handlingsplan for skjøtsel og tilrettelegging av automatisk freda kutlurminne i Sogn og Fjordane*.

Sogn og Fjordane Turlag. *Den gamle ferselsvegen Lunde- Fjærland*

Statens vegvesen. 2002. *Vegval - Nasjonal verneplan for veger, bruer og vegrelaterte kulturminner*.

Stortingsmelding 35 (2012-2013). *Framtid med fotfeste – Kulturminnepolitikken*

Storvik, Ingebjørg. Njøs. 2012. *Rapport frå kulturminneregistrering – vegutbygging, Kvåle*. Sogn og Fjordane fylkeskommune

Timberlid, Jan Anders og Selseng, Berit. 2007. *Sogndal bygdebok – Gardar og folk, Stedje sokn. Band 1-3*. Sogndal sogelag.

Timberlid, Jan Anders og Selseng, Berit. 2012. *Sogndal bygdebok – Gods, gardar og folk, Kaupanger sokn. Band 1-2*. Sogndal sogelag.

Trømborg, Dagfinn. 2006. *Geologi og landformer i Norge*. Landbrukforlaget.

Valeberg, Per Kåre, 2009. *Gamlevegen gjennom Drogi* s. 74-77 i ...so han sa... lokalhistorisk årshefte årgang 2009. Sogndal sogelag og Fjærland sogelag.

Aa, Rune Asbjørn og Moxnes, Alexander B. *Fjellskred i Sogn og Fjordane*. Høgskulen i Sogn og Fjordane, notat nr 3/2002 Avdeling for naturfag.

Aa, Rune Asbjørn og Sønstegaard, Eivind. *Kvartærgeologisk verneverdige førekomstar i Sogn og Fjordane*. Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Munnlege informantar

Gjert Heiberg

Christoffer Knagenhjelm

Kjell Magne Hillestad

Rune Aa

Eivind Søndstegaard

Anders Bøyum

Sven Bjåstad

¹ Stortingsmelding 35 (2012-2013) s. 36

² Sogn og Fjordane fylkeskommune, s. 14

³ Knagenhjelm 2008

⁴ De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum: friluftsmuseet

⁵ De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum: friluftsmuseet

⁶ Fredningsvedtaket frå Riksantikvaren

⁷ Forvaltningsplan for områdefredete arealer ved Kaupanger stavkirke og Kaupanger Hovedgård s. 5

⁸ Opplysningsvesenets Fond <http://www.ovf.no/Prestebolig/Eiendommer/Bjoergvin-bispedoemme2/Sogndal-prestebustad>

⁹ Kulturminnesøk. Nokre kjelder, t.d. Sogn tingrett sine sider, hevdar at det er sorenskrivaren Schieldrup som bygde Loftesnes. Han hadde eigd eit bruk inne i Barsnes og gjorde eit makabytte i 1772. Husa på Loftesnes var ikkje gode nok for ein sorenskrivar, så difor lot han byggje dagens bygning. Schieldrup var sorenskrivar fram til 1775.

¹⁰ Kulturminnesøk

¹¹ Kulturminnesøk

¹² Munnleg informasjon frå fylkeskommunen

¹³ Askeladden

¹⁴ Timberlid, J.A. og Selseng, B. 2007. band 2 s. 244.

¹⁵ Timberlid, J.A. og Selseng, B. 2007. band 2 s 247- 249.

¹⁶ Timberlid, J.A. og Selseng, B. 2007. band 2 s. 109, 114.

¹⁷ Timberlid, J.A. og Selseng, B. 2007. band 3 s. 532

¹⁸ Timberlid, J.A. og Selseng, B. 2007. band 3 s. 511

¹⁹ Askeladden

²⁰ Askeladden

²¹ Statens vegvesen 2002 s. 164

²² Norges vassdrags- og energidirektorat 2010, s. 259

²³ Ese, K. 2006 Fylkesarkivet

²⁴ Hausken og Austad 1992

²⁵ Pedersen A.S. 2009. s. 77

²⁶ Valeberg, P.K. 2009. s. 76

²⁷ Fylkesarkivet

²⁸ Fylkesarkivet

²⁹ Sogn og Fjordane Turlag

³⁰ Engeseæter, Aa. 2000

³¹ Solberg, A. R. 2000

³² Timberlid, J.A. og Selseng, B. 2012. Bind 2 s. 266

³³ Kleppa, H. 2007

³⁴ Kleppa, H. 2000

³⁵ Kleppa, H. 2006

³⁶ Kleppa, H. 2003

³⁷ http://lokalhistoriewiki.no/index.php/Sogndal_folkeh%C3%B8gskule

³⁸ Kleppa, H. 2001

³⁹ Kleppa, H. 2001 B

⁴⁰ Kleppa, H. 2001 C

⁴¹ Kleppa, H. 2001 D

-
- ⁴² Kleppa, H. 2000
- ⁴³ Kleppa, H. 2006
- ⁴⁴ Foyn, S.Ø. 2011 c
- ⁴⁵ Anders Timberlid 2003, artikkel i « ...så han sa...» s. 9-16
- ⁴⁶ Helleve, Å. 2013
- ⁴⁷ Bjørkeli, B. og Berge, J. 2008
- ⁴⁸ Foyn, S. Ø. 2011 a
- ⁴⁹ Foyn, S. Ø. 2011 b
- ⁵⁰ Foyn, S.Ø. 2011 c
- ⁵¹ Foyn, S.Ø. 2011 d
- ⁵² Foyn, S.Ø 2012
- ⁵³ Helleve, Å. 2013
- ⁵⁴ Foyn, S.Ø. 2011e
- ⁵⁵ Munnleg informasjon frå Anders Bøyum.
- ⁵⁶ Helle, T og Austad, I. 1989, Hauge, L. et al 1992
- ⁵⁷ Aa, R.A. og Sønstegaard, E. 1994. s. 84
- ⁵⁸ Munnleg informasjon frå Rune Aa
- ⁵⁹ Aa, R.A og Moxnes A.B. 2002
- ⁶⁰ Aa, R.A. og Sønstegaard, E. 1994. s. 87
- ⁶¹ Aa, R.A. og Sønstegaard, E. 1994. s. 89
- ⁶² Aa, R.A. og Sønstegaard, E. 1994. s. 91
- ⁶³ Aa, R.A. og Sønstegaard, E. 1994. s. 119
- ⁶⁴ Aa, R.A. og Sønstegaard, E. 1994. s. 120
- ⁶⁵ Leivestad, V. 1992, Rune Aa 1991
- ⁶⁶ Trømborg, D. 2006 s. 47
- ⁶⁷ Trømborg, D. 2006. s. 36
- ⁶⁸ Timberlid, J.A. og Selseng, B. 2007. Band 3. s. 509
- ⁶⁹ Timberlid, J.A. og Selseng, B. 2007. Band 3. s. 510
- ⁷⁰ Timberlid, J.A. og Selseng, B. 2007. Band 2. s. 220-221
- ⁷¹ Munnleg informasjon frå Christoffer Knagenhjelm
- ⁷² Storvik, I.N. 2012
- ⁷³ Skrede, M.A. 2006
- ⁷⁴ Skrede, M.A. 2006
- ⁷⁵ Munnleg informasjon frå Christoffer Knagenhjelm
- ⁷⁶ Skrede, M.A. 2006
- ⁷⁷ Sandal, P. 1986 s. 159
- ⁷⁸ Sandal, P. 1986. s. 191
- ⁷⁹ Timberlid, J.A. og Selseng, B. 2007. Band 1. s. 315
- ⁸⁰ Timberlid, J.A. og Selseng, B. 2007. Band 3. s. 413-141
- ⁸¹ Engesæter, Aa. 1979. s. 7.
- ⁸² Engesæter, Aa. 2000
- ⁸³ Timberlid, J.A. og Selseng, B. 2012. Band 1. s. 181
- ⁸⁴ Timberlid, J.A. og Selseng, B. 2007. Band 1. s. 67
- ⁸⁵ Timberlid, J.A. og Selseng, B. 2007. Band 1. 321
- ⁸⁶ Timberlid, J.A. og Selseng, B. 2007. Band 3. s. 523-526
- ⁸⁷ Munnleg informasjon frå Christoffer Knagenhjelm
- ⁸⁸ Forvaltningsplan for områdefredete arealer ved Kaupanger stavkirke og Kaupanger Hovedgård s. 4
- ⁸⁹ Timberlid, J. A. 1978 s. 46
- ⁹⁰ Timberlid, J.A. og Selseng, Band 2. 2012 s. 28
- ⁹¹ Jacobsen, H. og Follum, J.R. 2008. s. 184
- ⁹² Knagenhjelm, C. 2008
- ⁹³ Munnleg informasjon frå Gjert Heiberg
- ⁹⁴ Munnleg informasjon frå Gjert Heiberg
- ⁹⁵ Nedrelo, E. 2001. s. 126
- ⁹⁶ Munnleg informasjon frå Gjert Heiberg
- ⁹⁷ Laberg, J. 1985 s. 230

-
- ⁹⁸ Mundal, A. 2002. s. 18
- ⁹⁹ Mundal, A. 2002. s. 116
- ¹⁰⁰ Turistskilt ved drikkesteinen i Urabukti
- ¹⁰¹ Mundal, A. 2002. s. 121
- ¹⁰² Mundal, A. 2002. s. 118
- ¹⁰³ Turistskilt ved drikkesteinen i Urabukti
- ¹⁰⁴ Mundal, A. 2002. s. 40
- ¹⁰⁵ Mundal, A. 2002. s. 39-40
- ¹⁰⁶ Mundal, A. 2002. s. 40
- ¹⁰⁷ Turistskilt ved drikkesteinen i Urabukti
- ¹⁰⁸ Mundal, A. 2002. s. 120
- ¹⁰⁹ Mundal, A. 2002. s. 13 og 133.
- ¹¹⁰ Nettside til Mundal hotell,
http://www.hotelmundal.no/index.php?option=com_content&view=article&id=90&Itemid=338&lang=nb
- ¹¹¹ Turistskilt ved drikkesteinen i Urabukti
- ¹¹² Fylkesarkivet si database for stadnamn
- ¹¹³ Munnleg informasjon, Anders Bøyum
- ¹¹⁴ Bøyum P.O. 2007, fylkesarkivet
- ¹¹⁵ Sandal, P. 1986. s 5
- ¹¹⁶ Sogndal sogelag, 1938. s. 166
- ¹¹⁷ Munnleg informasjon frå Christoffer Knagenhjelm
- ¹¹⁸ Sogndal sogelag, 1938. s 163 og 290
- ¹¹⁹ Kleppa, H. 2013
- ¹²⁰ Sogn og Fjordane fylkeskommune